Fråsegnsrapport

Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

Vedlegg til møte i fylkesutval 25.11.2025

Innhald

1. Om høyring og offentleg ettersyn 3

1.1. Høyringsaktivitet 3

1.2. Korleis høyringssvara er behandla 5

2. Vurdering av innspel og forslag til endring i planprogrammet 6

2.1. Overordna vurdering av innspela 6

2.2. Rammer og føringar 7

3. Plantema 8

3.1. Omstilling og konkurransekraft 8

3.2. Kompetanse og inkludering 9

4. Oppfølging av planen 10

5. Samarbeid og medverknad i planarbeidet 10

6. Framdrift og milepålar 10

1. Om høyring og offentleg ettersyn

Fristen for å sende innspel til **planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse** gjekk ut 10. november 2025, medan kommunane fekk utsett frist til 20. november 2025 for å gje meir tid for politisk handsaming av fråsegn.

39 fråsegn har kome inn. 17 fråsegn er frå kommunane i Vestland (nokre kommunar har levert samla innspel), og alle med unntak av 2 stk. er politisk handsama. I tillegg har Statsforvaltar, Bane Nor, Kystverket, Helse Førde, Fiskeridirektoratet, Statens vegvesen, 4 ulike næringsråd og verksemder, samt 2 interesseorganisasjonar gitt innspel.

Alle innspela ligger tilgjengeleg på fylkeskommunen si nettside; Høyringsinnspel til planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

1.1. Høyringsaktivitet

For å sikre eit godt grunnlag for å gje innspel til planen, så har det vore gjennomført fleire ulike aktivitetar for å nå flest mogleg med informasjon. Alle medverknadsorgana i fylkeskommunen har fått referatsak, og rådet for menneske med menneske med nedsett funksjonsevne har gitt skriftleg attendemelding. Det er gjennomført fleire info- og dialogmøte etter at forslag til planprogrammet ble lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. I alle møta nemnd nedanfor har planprogrammet til begge dei to nye regionale planane blitt presentert.

2. september – Regionalt planforum

På Regionalt planforum deltok Statsforvaltar og dei fleste statlege, regionale aktørane, med unntak av Statens vegvesen. Vidare blei det opna opp for spørsmål, munnlege innspel og diskusjon. Dei fleste innspela var knytt til regional plan for areal og mobilitet, som og vart tema i møtet. Nokre punkt som blei løfta i møtet knytt til regional plan for regional plan for verdiskaping og kompetanse var at planprogrammet er godt gjennomarbeid, oversiktleg og dekkande for nemnde formål, og at det var ønske om at landbruk og matsikkerheit vart løfta som ei tydeleg satsing

9.september – ope dialogmøte

Det blei invitert til eit ope digitalt høyringsmøte 9. september, kor kommuneadministrasjonen var særskilt invitert. NHO Vestland og Høgskolen i Vestland heldt førebudde innlegg der dei løfta fram behovet for samordning og regional innsats. Bømlo kommune presenterte sine førebelse refleksjonar på utkastet. Vidare blei det opna opp for spørsmål, munnlege innspel og diskusjon. 63 eksterne deltakarar møtte og under følgjer nokre punkt som blei løfta i møtet:

- *Ønske om færre og meir samordna plana. Det blir sett på som positivt at fylkeskommunen samlar planverket inn i færre, sektorovergripande planar.*
- *Behov for kompetanse og kartlegging. Det er stor mangel på tverrsektoriell kompetanse i kommunane. Fylkeskommunen si rolle som «kunnskapsbank» og rettleiar blir vurdert som svært verdifull.*

- *Politisk forankring og god lokal prosess er avgjerande. Kommunane understrekar behovet for gode arenaer og nok tid til politisk involvering lokalt.*
- *Retningslinjer vs. Rettleiing. Det blei stilt spørsmål ved om det er hensiktsmessig med retningslinjer i planane, særleg med tanke på ulik kompetanse og erfaring i kommunane.*

9. september – høyringsmøte med kommunar

Det blei arrangert digitalt høyringsmøte med folkevalde i kommunane i Vestland for å bidra til eit godt grunnlag for lokale drøftingar. 52 eksterne deltakararar møtte, så de fleste kommunane i Vestland var representert. I møtet blei høyringsutkastet presentert av prosjektleiinga, før ordførar i Øygarden kommune; Tom Georg Indrevik, og ordførar i Sunnfjord kommune; Jenny Følling, delte nokre førebudde refleksjonar kring planprogrammet som var på høyring. Det blei opna for spørsmål, munnlege innspel og diskusjon, og under følgjer nokre punkt som blei løfta i møtet:

- *Form*
  - *Ønske om eit planverk som er forankra i kommunane*
  - *Ønske om at dei to planane som er under utarbeiding blir tett samkøyrte*
- *Innhald:*
  - *Ønske om tydelege prioriteringar og rettleiing som viktig verkemiddel*
  - *At planen skal omfatte regionale interesser, men ikkje erstatte lokale prosesser*
- *Prosess:*
  - *Bekymring for korte fristar for høyring.*
  - *Innspel på ulike arenaer for dialog og deling*
  - *Legge til rette for at kommunane skal kunne bidra til løysingane*

23. september – høyringsmøte med fylkesstyret i KS

I møtet blei høyringsutkasta til begge dei to nye, regionale planane presentert av prosjektleiinga, før det blei opna for spørsmål, munnlege innspel og diskusjon. Fylkesstyret drøfta saka i plenum og gjorde følgande vedtak:

- *Kort frist for innspel gjer at mange kommunar ikkje vil kunne medverke og gje innspel til planprogrammet innan 20. oktober.*
- *Viktig at dette blir planar på eit overordna nivå og ikkje legg unødvendig detaljerte ambisjonar som gjer at fylkeskommunen blir oppfatta som ein «overkommune». Viktig at ein bevarer kommunen som planmynde.*
- *VLFK fekk støtte i å utarbeide eit planverk som er forenkla og erstattar eit fleirtal av eksisterande regionale planar.*

Videopresentasjon

Det blei gjort opptak av det opne høyringsmøtet, der prosjektleiar presenterte høyringsutkastet, samt dei tre førebudde innlegga. Denne blei gjort tilgjengeleg på nettsida til planprosessen www.vestlandfylke.no/planprogram-rvk. Presentasjonen inneheldt detaljar kring planprosessen og innhaldet i høyringsutkastet, for å danne eit betre grunnlag for å skrive høyringsuttale.

Orientering til fylkeskommunale forum, råd og utval

Alle hovudutval, regionale råd og politiske råd har fått ei orienteringssak:

- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, møte den 22.08.2025
- Hovudutval for næring den 26.08.2025
- Hovudutval for opplæring og kompetanse den 26.08.2025
- Hovudutval for samferdsel om mobilitet den 27.08.2025
- Hovudutval for kultur, idrett og inkludering den 28.08.2025
- Fylkeseldrerådet, den 25.08.2025

I tillegg har planprogrammet blitt presentert i møte for Yrkesopplæringsnemnda den 26.08.2025. D*et regionale rådet for menneske med nedsett funksjonsevne* har gitt høyringsuttale. Næringsforum Vestland og Kompetanseforum Vestland fekk tilsendt forslag til planprogram og orientering om høyringsprosessen.

1.2. Korleis høyringssvara er behandla

Metode og arbeidsmåte
Det er gjort ei grundig vurdering av alle innkomne fråsegner. Innspela er vurdert med tanke på om det bør gjerast justeringar eller endringar i planprogrammet fram mot vedtak. I rapporten er fråsegnene sortert i fire kategoriar, vist i tabellen under:

Inga justering eller endring Innspel gjer ikkje grunnlag for justering eller endring i planprogrammet, men kan verte tatt til vurdering i vidare arbeid med planen.	Kategorien omfattar fråsegner som ikkje gjev grunnlag for endringar, ettersom dei ikkje er i tråd med Utviklingsplanen, Plan- og bygningslova eller nasjonalt rammeverk for planlegginga. Mange av innspela i denne kategorien handlar om det vidare arbeidet med den regionale planen, utan at dei gjev grunnlag for endringar i planprogrammet. Nokre innspel kan ha betydning for regional plan for areal og mobilitet, og vert vurdert i dette arbeidet.
Redaksjonell justering Innspel gjer grunnlag for justeringar som tydeleggjer eller konkretiserer formuleringar, men som ikkje påverkar innhaldet.	Kategorien omfattar innspel som gjev grunnlag for redaksjonelle justeringar, som å definere ord, presisere eller tydeleggjere formuleringar eller konkretisere tekst. Redaksjonelle justeringar omfattar ikkje endring av eller føremål for planen eller val av plantema.
Mindre endring Innspelet har medført mindre justeringar som er innarbeidde i planprogrammet. Endringane kan vere nemnd i saksframstillinga, og vert vedtekne saman med planprogrammet.	Kategorien omfattar innspel som gir grunnlag for mindre endringar som å utdjupe eller presisere innhald i eit plantema. Det omfattar ikkje endring av føremål eller val av plantema.
Vesentleg endring Innspel gjer grunnlag for vesentleg endring, som vert drøfta i politisk saksframlegg og krev politisk vedtak.	Kategorien omfattar innspel som gjev grunnlag for vesentlege endringar, som å endre føremål eller val av plantema eller gjere større innhaldsmessige endringar.

2. Vurdering av innspel og forslag til endring i planprogrammet

2.1. Overordna vurdering av innspela

Det er kome ei rekke gode innspel til planprogrammet. På bakgrunn av høyring og offentleg ettersyn er det gjort ein del justeringar og endringar i planprogrammet. Fylkeskommunen vurderer at det ikkje er grunnlag for ny høyring og ettersyn. Ein stor del av dei konkrete innspela er relevant å ta med seg i det vidare planarbeidet.

Generelt er det brei støtte til ei forenkling av planverket og arbeidet med to nye sektorovergripande regionale planar. Høyringsinnspela gir òg støtte til hovudinnrettinga på planprogrammet for regional plan for verdiskaping og kompetanse, og dei to plantemaa: *Omstilling og konkurransekraft* og *Kompetanse og inkludering*. Dette gjeld både kommunar, statlege partar og næringsliv.

Fleire kommunar uttrykker usikkerheit for om dei nye planane skal føre til auka sentralisering og fylkeskommunal overstyring av kommunane. Dette gjeld særleg vidaregåande opplæring og arealforvaltning. Arealforvaltning er ikkje omfatta av denne planen. Det er likevel kome innspel om at tilgang til næringsareal, energi og transport burde vore eigne tema i plan for verdiskaping og kompetanse og ikkje berre i plan for areal og mobilitet.

Energi er innarbeidd i kapitelet Omstilling og konkurransekraft. Transport og arealforvaltning er utførleg handsama i regional plan for areal og mobilitet og er ikkje eit eige tema i regional plan for verdiskaping og kompetanse.

Mange av innspela peiker på barrierane og målkonfliktane i samfunnsutviklinga. Utarbeiding av to nye, regionale planar vil gje betre samordning og forenkling av plansystemet i Vestland, og bidra til å balansere mellom dei. Fylkeskommunen ser det som naudsynt å skilje tematikk og verkemiddel til dei to planane, og samle alle retningsliner knytt til areal i ny, regional plan for areal og mobilitet. Slik sikrar vi ein tydeleg grensegang mellom regionale planar, og at dei vert enklare å følgje opp. Det kan likevel vere formålstenleg å ha tiltak og verkemiddel for berekraftig areal- og mobilitetsforvaltning i eit handlingsprogram for verdiskaping og kompetanse.

Mange innspel frå kommunane handlar om at planen må ta omsyn til ulike behov i kommunane, at det er forskjell på byar, tettstader og distriktskommunar. Det er frykt for at planen skal bidra til ytterlegare sentralisering, gjennom til dømes endra skulestruktur.

Både kommunar og andre aktørar melder inn behov for konkrete strategiar, tiltak og verkemiddel. Forslaget til planprogram til høyring vart utforma med intensjon om at planen skal vere eit fleksibelt og robust verktøy for samordning av innsats for å takle framtidas utfordringar – i eit 12-årsperspektiv. Den regionale planen skal òg ha eit strategisk handlingsprogram for å operasjonalisere måla i planen.

Fylkesdirektøren meiner innspela ikkje gjev grunnlag for vesentleg endringar av planprogrammet, og rår til å halde fast ved den overordna strukturen og detaljnivået i planprogrammet. Samtidig vert det foreslått fleire mindre endringar og justeringar. I det følgjande vert innspel knytt til dei ulike kapitla i planprogrammet vurderte.

2.2. Rammer og føringar

Plansystemet – forholdet til gjeldande planar

Dei fleste innspela støtter at planprogrammet legg opp til endring av **regionalt plansystem**, og at forenkling og samordning av både plansystem og verkemiddel vil styrke fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar.

Fleire er opptekne av at planarbeidet må danne eit godt grunnlag for lokale planprosessar, og at mål og føringar må bli implementert i lokalt planverk. Nokre kommunar uttrykker bekymring over at fylkeskommunen i planarbeidet kan innskrenke kommunane sitt myndeområde, og rår til at rettleiarrolla vår vert førande for planarbeidet. Andre tilbakemeldingar går på at retningslinjene bør vere tydelege og bidra til målretta handling.

I forslaget til planprogram (pkt. 2.2), var temaplanane *Heilskapleg plan for tilbodsstruktur* og *Fornye og forbetre* for opplæring og kompetanse tatt med som to av planane som skal erstattast. Nokre av innspela uttrykte bekymring for å erstatte desse planane. Særleg bekymring er det rundt *Heilskapleg plan for tilbodsstruktur* som er berre eit år gamal, og var resultat av ein omfattande og krevjande prosess. Begge desse planane er detaljerte temaplanar som omhandlar drift av dei vidaregåande skulane. Det er òg dei einaste temaplanane som var føreslått erstatta.

Fylkesdirektøren føreslår ei endring i planprogrammet gjennom at desse to temaplanane ikkje blir erstatta i denne omgangen, slik at det berre er regionale planar som skal erstattast av ny, regional plan for verdiskaping og kompetanse. Fylkeskommunen skal vurdere om temaplanane skal erstattast eller reviderast etter vedtak av ny regional plan for verdiskaping og kompetanse.

Gjennomgåande omsyn
Planprogrammet (pkt. 2.3) listar opp gjennomgåande omsyn frå Utviklingsplanen som er relevant for alle sektorar og plannivå. I planprogrammet til høyring var fleire av desse allereie teke omsyn til i val og innretting på plantema. Nokre av fråsegna peika spesifikt på eit par av dei gjennomgåande omsyna.

Folkehelse er eit gjennomgåande planleggingsomsyn og har hatt eit fokus gjennom val og innretting på plantema - spesielt *Kompetanse og inkludering*. Fylkesdirektøren foreslår nokre redaksjonelle justeringar i planprogrammet som løftar folkehelse enda tydelegare fram og som gir ei god arbeidsdeling mellom regional plan for verdiskaping og kompetanse og folkehelseplanane sitt handlingsprogram. Planen skal bidra til økonomisk verdiskaping og vekst, samstundes med at utviklinga er berekraftig, inkluderande og helsefremmande. Det gjeld spørsmål som demografiske endringar, styrka deltaking i samfunns- og arbeidsliv, mangfald i arbeidslivet, rettferdig omstilling, klimarettferd og tilrettelegging i opplæring og arbeidsliv. Som kunnskapsgrunnlag vert folkehelseoversikten lagt til grunn for planlegging og alle planar skal bidra til å fremme helse og motverke sosiale helseforskjeller.

Samfunnssikkerheit og beredskap har tidlegare ikkje vore dekka i heile si bredde i regional planlegging. Samfunnssikkerheit handlar om å redusere risiko for skadelege og uønskte hendingar, anten det er naturfare, kriser eller krig. Vidare handlar det om å handtere slike hendingar når dei likevel oppstår. På bakgrunn av innspela er det foreslått nokre mindre endringar i plantemaet Omstilling og konkurransekraft. Samfunnssikkerheit- og beredskapsperspektivet skal gjennomsyre arbeidet med deltemaet *Moglegheiter og barrierar på tvers av verdikjeder og næringar,* med særskild merksemd på forsynings- og matsikkerheit. I planfasen vil det bli jobba systematisk med å integrere dette omsynet på fleire tema.

3. Plantema

Fylkesdirektøren si vurdering er at innspela ikkje gir grunn til å endre hovudinnretting på plantema og inndelinga i undertema. Det vert gjort nokre redaksjonelle justeringar i innleiinga til kapittelet om plantema, og folkehelseaspektet er sterkare innlemma som gjennomgåande tema.

3.1. Omstilling og konkurransekraft

Fylkesdirektøren si vurdering er at innspela ikkje gir grunn til å endre hovudinnretting på plantemaet og inndelinga i dei tre undertema; *moglegheiter og barrierar på tvers av verdikjeder og næringar, sirkulærøkonomi* og *innovasjonssystem*.

Fleire innspel peikar på at er uroa for at det parallelle planarbeidet med ny, regional plan for areal og mobilitet vil kunne svekke viktig innsats for verdiskaping og kompetanseutvikling. Tilgang til næringsareal, energi og transport er av fleire ønska inn som særskilte tema òg i plan for verdiskaping og kompetanse, overordna eller spesielt under omstilling og konkurransekraft. Fylkesdirektøren si vurdering er som tidlegare nemnd under 2.1, at det ikkje vere i samsvar med ambisjonane for det nye plansystemet at begge planane skal ha føringar for areal og transport.

Fleire av innspela peikar på at plantemaet omstilling og konkurransekraft er litt utydeleg og treng meir retning. Mange kommunar gjentek sine overordna innspel om at det må takast omsyn til ulike føresetnader i byar, tettstader og distrikt med ulik næringsstruktur. Særleg distriktskommunane løftar fram behovet for å støtte små- og mellomstore bedrifter. Naturbaserte næringar generelt, landbruk og reiseliv er løfta fram av fleire. Dei havbaserte næringane, både marin og maritim sektor, og kraftkrevjande næringar sin betydning vert òg peika på. Mineralnæringar, helsenæringar, kulturnæringar, og handverksnæringar er det nokon som vert nemnd. Få nemnar næringar med mange arbeidsplassar som handel, tenester og bygg- og anlegg. Dei er òg er viktige i den store omstillinga som skal gi framtidig konkurransekraft.

Svært mange av innspela løfter fram at planen må ha konkret strategiar, tiltak og verkemiddel tilpassa behovet i den einskilde kommune. Det er ønskje om strategiar som byggjer på samspel mellom regionale satsingar og lokalt næringsliv. Slike innspel vil bli nærare vurderte i samband med sjølve planprosessen.

Fylkesdirektøren tilrår at ikkje spesifikke næringar blir omtalt i planprogrammet. Fokus skal vere på tema som er relevante på tvers av sektorar og næringar, der det er stort behov for samarbeid og samordning. Det vert det gjort mindre endringar og justeringar i planprogrammet:

- Innleiingsvis få fram at dei tre deltemaa er tett samanvevde og vil bli handtert i samanheng
- Moglegheiter og barrierar på tvers av verdikjeder og næringar: få tydelegare fram at òg små og mellomstore bedrifter har ein plass i verdikjedene. I tillegg legge vekt på forsyningssikkerheit i tillegg til matsikkerheit.
- Sirkulærøkonomi: Presisere at dette òg omfattar å redusere samla uttak av knappe ressursar, klima og sårbarheit for redusert tilgang på importerte ressursar. Få tydelegare fram at temaet omfattar alle sektorar, det vil si privat, offentleg og frivillig sektor.
- Innovasjonssystemet: Her er det gjort ei større tekstleg omarbeiding for å få tydelegare fram kva eit innovasjonssystem er og at det kan vere ulike innovasjonssystem for urbane og rurale

område, som må bli tatt omsyn til. Videre er det presisert at temaet omfattar alle sektorar, det vil si privat, offentleg og frivillig sektor.

3.2. Kompetanse og inkludering

Fylkesdirektøren si vurdering er at innspela gir ikkje grunn for å endre inndelinga i undertemaa: *Behov for eit breitt og fleksibelt kompetansetilbod*, *Gjennomføring og kvalifisering i utdanningssystemet* og *Mangfaldig og inkluderande arbeidsliv*.

Fleire av innspela, særleg frå distriktskommunane, peiker spesifikt på behovet for fleksible og desentraliserte løysingar både for vidaregåande opplæring for unge og vaksne, fagskule og høgare utdanning slik at kompetansebehovet kan bli dekka lokalt utan at folk treng å flytte. Òg behovet for kortare kompetansehevande tilbod for arbeidslivet blir trekt fram.

Fylkesdirektøren rår til at desse punkta blir innarbeidd eller forsterka i planprogrammet:

- Frivilligheita; frivillige lag og organisasjonar er viktige både for bli-lyst, integrering og kompetanseheving og er sterkare vektlagt
- Studiesentera; mellom anna viktige for å koordinere og fasilitere fjerntilbod for høgare studium og er lagt inn som viktig samarbeidspartnar
- Innspel knytt til bustadutvikling og attraksjonskraft er i hovudsak omtala i regional plan for areal og mobilitet.

4. Behov for kunnskap og utgreiingar i planprosessen

Vestland har i utgangspunktet eit godt kunnskapsgrunnlag knytt til dei relevante temaa som vil bli lagt til grunn for arbeidet med den nye planen. Gjennom det fylkeskommunale prosjektet *Inkludering i Vest* blir det gjort ei omfattande kartlegging og analyse av omfang, utvikling i og årsaker til utanforskap frå arbeidslivet i Vestland og Noreg i tillegg til faktorar som kan auke yrkesdeltakinga i fylket. Det skal i 2026 bli utarbeidd ei klimasårbarheitsanalyse for Vestland som kan ha betydning for planarbeidet. Folkehelseundersøkinga for Vestland vil gå parallelt med planarbeidet. Det er sett i gong utgreiingsarbeid knytt til plantemaet arealforvaltning i planprogrammet for regional plan for areal og mobilitet, som òg har relevans for plantemaa i verdiskaping og kompetanse. Det er òg viktig å følgje utviklinga i EU, som vil ha stor påverking på utforming av norsk politikk og verkemidlar.

Det er ikkje identifisert særskilte nye utgreiingsbehov eller behov for konsekvensutgreiing knytt til dei føreslåtte plantemaa. Men høyringsinnspela peiker på at det behov for meir systematisk kunnskap om sirkulærøkonomi og samfunnsikkerheit og beredskap. I tillegg er det eit behov for å samanstille kunnskapen frå ulike fagfelt for å styrke den breie tverrsektorielle overbygninga av planen.

5. Oppfølging av planen

Mange innspel handlar om verkemiddel og samordningsarenaer, som vil vere del av eit handlingsprogram. Fleire av kommunane ønskjer at planen skal bidra til auka innsats frå fylkeskommunen med rettleiing, tilskot, meirbruk av eigne tenester og bygg etc. Dei ønsker at fylkeskommunen skal fasilitere prosessar, lage møteplassar for utveksling av kunnskap og erfaring, syne gode eksempel, bidra til kompetanseheving og økonomisk støtte med vidare, for å hjelpe dei å følgje nasjonale og regionale føringar og retningslinjer. Kva verkemiddel som skal nyttast må drøftast vidare i planarbeidet.

Planen skal vere overordna og strategisk og vil ha eit handlingsprogram som legg rammene for gjennomføring. I handlingsprogrammet vil det vere aktuelt å drøfte prosessar og verkemiddel som etterspurt.

6. Samarbeid og medverknad i planarbeidet

Nokre innspel løfter fram ressursar som kan bidra i planprosessen. Fylkesadministrasjonen jobbar parallelt med organisering av planarbeidet, og innspela vert vurdert opp mot behov for inndekking av temaet i deltaking i arbeidsgrupper eller på arenaer for utveksling av informasjon.

Andre ber om konkretisering av opplegget for medverknad. Fylkeskommunen legg opp til ein samarbeidsprosess med statlege etatar og kommunar og medverknad frå interesseorganisasjonar, næringsliv og andre partar i utarbeidinga av planforslaget. Ytterlegare konkretisering vert gjort på grunnlag av vedtatt planprogram.

Fleire fråsegn løfter frem viktigheita av medverknad, og etterspør meir konkrete skildringar av opplegget og betre tid. Ein del av innspela, spesielt frå kommunane, var kritiske til korte tidsfristar på høyringsinnspela. Korte høyringsfristar gjer det vanskeleg å få god medverknad med kommunane, som ikkje får hatt ein grundig politisk behandling av høyringsinnspelet.

7. Framdrift og milepålar

Fleire fråsegn løfter frem viktigheita av medverknad, og etterspør meir konkrete skildringar av opplegget og betre tid til medverknad. Ein del av innspela, spesielt frå kommunane, var kritiske til korte tidsfristar på høyringsinnspela. Framlegg til planprogram viser at det er mogleg å få utvikla og vedtatt ein ny, regional plan innan 2026, men at den stramme framdriftsplanen vil gje lite rom for involvering utover Plan- og bygningslova sitt minstekrav til høyringsprosess. Det er no lagt opp til høyring og offentleg ettersyn etter lova sitt minstekrav på 6-7 veker. Særskilt for kommunane vil det vere krevjande å få gjennomført ein politisk behandling av forslag til ny, regional plan innanfor den tidsramma.

Namn på verksemd/kommu	Andre vedlegg	*Oppfølging	Høyringsinnpill - kort oppsummering	Vurdering av innspillet	Intern vurdering
Stord Næringsråd		Inga justering eller endring	Stord Næringsråd set pris på høvet til å kome med fråsegn til planprogrammet, og verdset at næringslivet er teke med i prosessen. Dei har ingen merknader til programmet, men ser fram til å bidra som medspelar og høyringspart i det vidare arbeidet.	Det blir gitt støtte til forslaget, og aktørrolla blir følgd opp i planprosessen gjennom medverknadsopplegg. Saka er ferdigbehandla, og det blir tilrådd å vurdere om Stord Næringsråd bør vere part i det vidare arbeidet. Det er støtte vidare, og vurdering av relevans i planarbeidet betyr ingen justering eller endring.	Relevans for vidare arbeid med planen
Inviro AS / StudieHub - Fjordane Studiesenter		Redaksjonell justering	Inviro AS/StudieHub – Fjordane Studiesenter understrekar si rolle som etablert og finansiert infrastruktur for kompetanseutvikling i distrikta. Dei tilbyr fleksible og behovstilpassa utdanningstilbod i samarbeid med regionale utdanningsinstitusjonar og kompetansefora, og fungerer som operative knutepunkt mellom kommunar, næringsliv og utdanningsmiljø. Fråsegna peikar særleg på betydinga av eit breitt og fleksibelt kompetansetilbod (punkt 3.2.1) og samarbeid på tvers av aktørar (punkt 3.2.4 og 6.3). Dei ber om å bli nemnde eksplisitt som ressurs i planprogrammet, då dei kan bidra vesentleg til måloppnåing innan verdiskaping, inkludering og kompetanseutvikling.	Det anbefales å benytte ei balansert formulering som opnar for deltaking, samtidig som fleksibilitet og heilskap blir ivareteken. Saka er ferdigbehandla, vurderingane blir støtta, og dette medfører redaksjonelle justeringar.	Relevans for vidare arbeid med planen
Fitjar kommune (Politisk vedtatt)	Vedlegg	Redaksjonell justering	Fitjar kommune understrekar at regional plan for verdiskaping og kompetanse er viktig. Kommunen meiner at planprogrammet er tydeleg når det gjeld kompetanse og inkludering, men manglar konkret retning innan omstilling og konkurransekraft. Vidare blir det peika på at sentrale tema som tilgang til næringsareal, energi og transport burde vore behandla som eigne plantema, då desse er avgjerande for verdiskaping og innovasjon. Sjølv om dei er lagt til regional plan for areal og mobilitet, framstår verdiskaping der som underordna. Fitjar kommune oppmodar difor til at desse områda også blir tekne inn i regional plan for verdiskaping og kompetanse. Konklusjonen er at planen framstår som mangelfull utan ei tydeleg behandling av næringsareal, energi og transport, og at han bør styrkast på temaet omstilling og konkurransekraft.	Kommunen påpeikar at fleire tema burde vore inkluderte i planprogrammet, særleg knytt til omstilling og konkurransekraft. Det blir understreka at tilbodsstrukturen i vidaregåande skule ikkje bør bli gjenstand for ein ny omkamp. Samstundes blir det merkt at ei endring er gjort sidan høyringa: temaplanen for tilbodsstruktur skal ikkje erstattast, men den nye regionale planen vil leggje føringar for framtidige revisjonar. Det er støtte vidare, og vurderingane betyr redaksjonell endring.	Relevans for vidare arbeid med planen
BERGEN NÆRINGSRÅD, Framtidsfylke og Næringsalliansen		Redaksjonell justering	Bergen Næringsråd, Framtidsfylket og Næringsalliansen i Vestland understrekar at evna til å tiltrekkje, utvikle og halde på nasjonal og internasjonal kompetanse er avgjerande for konkurransekrafta og berekrafta i regionen. Dei føreslår at planprogrammet tydeleg vektlegg talentattraksjon, internasjonal kompetansestraum, mobilisering av lokal kompetanse og styrking av Vestland som ein attraktiv bu- og arbeidsregion.	Tidlegare planar har lagt vekt på talentattraksjon og tilflytting av arbeidskraft. Bergen Næringsråd, Framtidsfylket og Næringsalliansen peikar på at utfordringa framover er færre personar i arbeidsdyktig alder, både nasjonalt og internasjonalt, og at eit einsidig fokus på tilflytting difor kan vere problematisk. Det blir foreslått at planprogrammet også inkluderer tiltak for å styrke bli-lyst og stadattraktivitet, slik at relevant kompetanse blir verande og ungdom blir oppmuntra til å bli buande eller flytte tilbake. Andre foreslåtte tiltak kan vurderast vidare i planarbeidet. Fråsegna har relevans for det vidare planarbeidet og kan føre til redaksjonelle justeringar i planprogrammet.	Relevans for vidare arbeid med planen
Norges Husflidslag		Redaksjonell justering	Fråsegna frå Norges Husflidslag understrekar at digitalisering, automatisering og kunstig intelligens er sentrale drivkrefter for innovasjon og konkurransekraft, men at tradisjonelle næringar òg må takast vare på i den grøne omstillinga. Reparasjon bør inkluderast som ein del av sirkulærøkonomien, i tråd med EU-direktivet «retten til reparasjon», med potensial for auka sysselsetjing. Innovasjonssystemet må støtte både nye og eksisterande grøne aktørar, inkludert små bedrifter. På kompetanseområdet blir behovet for fleksible utdanningstilbod innan reparasjon og rehabilitering av bygg framheva, samt verdien av uformell læring gjennom studieforbund og frivillige organisasjonar. God karriererettleiing og betre tilrettelegging for lærlingplassar er avgjerande for gjennomføring. Frivillige organisasjonar bør sjåast som reelle bidragsytarar til inkludering og kompetansebygging, og samarbeidsstrukturane må favne breitt.	Fråsegna frå Norges Husflidslag løftar fram at digitalisering, automatisering og kunstig intelligens er viktige drivkrefter for innovasjon og konkurransekraft, men understrekar samtidig at tradisjonelle næringar må takast vare på i den grøne omstillinga. Reparasjon blir peika på som ein sentral del av sirkulærøkonomien, med potensial for auka sysselsetjing. Det er behov for fleksible utdanningstilbod innan reparasjon og rehabilitering, og innsats for å verdsetje uformell læring og frivillige organisasjonar si rolle i inkludering og kompetansebygging. Fråsegna inneheld ikkje konkrete forslag til endring, men gir støtte til vidare arbeid og løftar fram perspektiv som er relevante for planprosessen. Det fører til redaksjonelle justeringar i planprogrammet.	Relevans for vidare arbeid med planen
LO Vestland		Redaksjonell justering	LO Vestland støttar planprogrammet og løftar fram verdiskaping og kompetanse som strategiske satsingsområde for regional utvikling. Dei understrekar betydinga av trepartssamarbeid, sosial berekraft og offentleg sektor som aktiv samfunnsutviklar. Omstilling må vere rettferdig og inkluderande, med reell medverknad frå arbeidslivets partar, livslang læring og tydelege krav til seriøsitet og miljøstandardar. På kompetanseområdet peikar LO på behovet for å styrkje vidaregåande opplæring, fagskular og høgare utdanning, samt å sikre betre gjennomføring, karriererettleiing og norskopplæring. Dei framhevar også verdien av samarbeid med frivillige organisasjonar og etterlyser eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om digitalisering, utanforskap og kompetansestraumar. Det er viktig at partane i arbeidslivet blir tett involverte i prosessen. LO støttar oppfølging gjennom eit handlingsprogram med konkrete tiltak for rettferdig omstilling, livslang læring og eit inkluderande arbeidsliv. Strategisk bruk av offentlege investeringar, langsiktige rammer, samfunnsøkonomiske vurderingar og utvikling av indikatorar i samarbeid med arbeidslivets partar blir løfta fram som avgjerande for å sikre målretta innsats og varig effekt. I denne samanhengen poengterer LO at *Temaplan Heilskapleg plan for tilbodsstruktur* må takast vidare, for å sikre samordning, relevans og kvalitet i utdanningstilbodet på tvers av nivå og sektorar. Planen bør òg bidra til å styrkje det organiserte arbeidslivet i regionen.	LO Vestland støttar planprogrammet og framhevar særleg satsinga på sirkulærøkonomi, grøn industri og utvikling av energisystem og infrastruktur, med vekt på rettferdig verdiskaping. Dei understrekar behovet for ei brei tilnærming til kompetanse, inkludering og mangfald, samt styrkt rådgiving og gode overgangar mellom skule og arbeidsliv. Det blir peika på behovet for eit relevant kunnskapsgrunnlag, langsiktige rammer og indikatorar utvikla i samarbeid med arbeidslivets partar. I denne samanhengen blir det òg løfta fram at Temaplanen for heilskapleg plan for tilbodsstruktur er eit sentralt verktøy for å sikre samanheng mellom utdanningstilbod og behova i arbeidslivet. LO Vestland meiner dette arbeidet bør integrerast i planprogrammet for å sikre heilskap og samordning i utviklinga av framtidas kompetansesystem. Fråsegna medfører berre redaksjonelle justeringar.	Relevans for vidare arbeid med planen

Stord kommune(Politisk behandlet)	Vedlegg	Redaksjonell justering	Stord kommune støttar føremålet med å samle fleire planar og ser fylkeskommunen som ein viktig samarbeidspartnar og kompetansemiljø. Planen bør konsentrerast om tema som krev regional samordning, med tydelege mål og strategiar. Kommunen peikar på behovet for betre samferdsleløysingar, sikker krafttilgang og konkretisering av innovasjonssystem, med vekt på næringslivsklynger. På kompetanseområdet blir det understreka kor viktig det er med gjennomføring i vidaregåande opplæring, tiltak på ungdomstrinnet, styrking av fagarbeidarutdanning og oppretthalding av lokale profesjonsutdanningar. Planen bør bidra til å redusere sosiale skilnader, sikre attraktive arbeidsplassar i distrikta og fremje samarbeid mellom næringsliv, utdanning og offentlege tenester. Kommunen ber om at tiltak som involverer kommunane blir forankra lokalt, at alle regionar og næringslivsaktørar deltek på like vilkår, og at grupper med «svake stemmer» blir inkluderte i medverknadsprosessen. Høyringsperioden bør utvidast til oktober 2026 for å sikre god lokalpolitisk forankring.	Stord kommune støttar i hovudsak planprogrammet og framhevar behovet for å oppretthalde lokale profesjonsutdanningar, styrke samarbeidet mellom ungdomsskule og vidaregåande skule, og ha særleg merksemd på fagarbeidarutdanning. Dei peikar på framtidig kraftbehov for industrien og foreslår strategiar for trygg kraftforsyning, samt tilrettelegging for næringsklynger. Kommunen understrekar at tiltak som rører ved kommunal forvaltningsrolle må utviklast i lag med kommunane og forankrast i kommunalt planverk. Dei støttar samarbeid over fylkesgrensene og nemner Stord næringsråd som ein viktig aktør i handlingsprogrammet. Fråsegna har gitt redaksjonelle justeringar i planprogrammet, og kommunen rår til at høyringsperioden vert utvida til oktober 2026.	Relevans for vidare arbeid med planen
BANE NOR SF		Inga justering eller endring	Bane NOR peikar på Bergensbanen som infrastruktur av nasjonal betydning for både person- og godstransport. Dei understrekar at jernbanen er eit sentralt bidrag til berekraftig transport, med lågare energibruk og arealbehov enn andre transportmiddel, og bør inkluderast i vurderingar knytt til arbeidsplassar og verdiskaping. Vidare tilrår dei at jernbanen vert trekt inn i arbeidet med klimaomstilling og klimatilpassing, då infrastrukturen er sårbar for flaum og skred. Dei framhevar òg jernbanen si rolle for samfunnstryggleik og beredskap, og ber om at denne funksjonen vert tydeleg inkludert i planarbeidet.	Bane NOR sitt fråsegna blir teke til orientering, og har relevans for det vidare planarbeidet. Dei ønskjer at jernbanesektoren si rolle, funksjon og kompetansebehov vert inkludert i prosessen, særleg knytt til berekraft, klimaomstilling, klimatilpassing og samfunnstryggleik.	Relevans for vidare arbeid med planen
Vestland Bondelag		Redaksjonell justering	Fråsegna frå Vestland Bondelag peikar på at landbruket må tydeleggjerast i planprogrammet, då næringa er brei og berører mange sektorar. Landbruket har stor betydning for verdiskaping, sysselsetjing, berekraft og beredskap, og bør vere eit sentralt tema i det vidare planarbeidet. Det blir understreka behov for fleksible og relevante utdanningstilbod, både i vidaregåande skule, fagskule og vaksenopplæring, for å sikre naudsynt kompetanse i næringa.	Vestland Bondelag støttar planforslaget, men etterlyser tydelegare plassering av landbruket i planhierarkiet og meir samspel mellom dei to regionale planane. Dei meiner landbruket bør adresserast som ein strategisk sektor, då næringa har stor betydning for sysselsetjing, berekraft og beredskap. Kompetanse vert framheva som avgjerande, og det er behov for fleksible utdanningstilbod, også for vaksne utan agronomutdanning. Bondelaget foreslår å erstatte omgrepet matproduksjon med matsikkerheit i kapittel 3.1.1, for å synleggjere samanhengen med beredskap og forsyningstryggleik. Dei understrekar at jordvern og matsikkerheit må løftast fram som strategiske satsingsområde i det vidare planarbeidet. Forslaget fører til redaksjonelle justeringar i planprogrammet.	Relevans for vidare arbeid med planen
Universitet i Bergen		Inga justering eller endring	Universitet i Bergen er positive til at færre planar skal erstatte fleire gjeldande, då dette kan forenkle planarbeidet og redusere målkonfliktar. Dei understrekar behovet for eit breitt kunnskapsgrunnlag, særleg analysar av korleis gjennomføringa i vidaregåande opplæring kan styrkast og fråfall reduserast, som grunnlag for framtidig arbeidskraft og rekruttering til høgare utdanning. Universitetet peikar på at samarbeid med universitet og høgskular må vidareutviklast, og at UiB vil vere ein aktiv partnar. Dei framhevar eigen faglege breidde og internasjonale posisjon innan naturvitskap, teknologi, klima, marine ressursar, helse og humaniora, og viser til store satsingar som Realfaghøyden, helseklyngene med Haukeland og Eitri, samt initiativ som Vestlandslegen. UiB legg vekt på behovet for fleksible utdanningsløp, etter- og vidareutdanning, og viser til etablerte erfaringsbaserte masterprogram, mellom anna i fornybar energi. Dei meiner planen bør legge til rette for denne typen samarbeid for å styrkje grøn omstilling og regional kompetanse. Til slutt understrekar UiB at studentane må få ein sentral plass i planen, med satsing på attraktive campusområde, betre bustadtilbod for unge og fleire studentbustader, for å sikre rekruttering, tilflytting og at fleire blir buande i regionen etter studia.	Universitetet i Bergen ønskjer å vere ein aktiv samarbeidspartnar med andre universitet og høgskular for å styrke kompetansen som trengst i ein kunnskapsintensiv framtid. Dei viser til det gode samarbeidet med Vestland fylkeskommune om utviklinga av erfaringsbasert masterprogram i fornybar energi, og meiner at den regionale planen bør leggje til rette for liknande initiativ framover. UiB peikar òg på at fråfallsproblematikken i vidaregåande opplæring må analyserast grundig, og at moglege tiltak for betre gjennomføring bør inngå i kunnskapsgrunnlaget. Vidare ønskjer dei at det vert tilrettelagt for felles diskusjonsfora på tvers av næringsliv, kommunale og statlege organ, slik at samarbeid på tvers kan styrkast. Fråsegna er teke til orientering og vurderast som eit positivt bidrag til det vidare planarbeidet, og fører ikkje til endringar i planprogrammet, men har relevans for det vidare planarbeidet.	Relevans for vidare arbeid med planen
Bømlo kommune (Politisk vedtak)	Vedlegg	Redaksjonell justering	Formannskapet i Bømlo kommune støttar hovudinnhaldet i planprogrammet og føremålet om å samle fleire planar, men peikar på at planane bør vere konsise med tydelege politiske føringar. Dei understrekar at kommunane må inkluderast i arbeidet med sirkulærøkonomi, at framtidige kompetansebehov må kartleggast i samarbeid med kommunane, og at kommunane si erfaring bør vere del av kunnskapsgrunnlaget. Vidare meiner formannskapet at høyringsfristen til september 2026 er for knapp, og foreslår at fristen vert sett til tidlegast oktober 2026 for å sikre lokalpolitisk forankring.	Bømlo kommune støttar planprogrammet og viser forståing for formål og prosess. Fråsegna inneheld ikkje konkrete endringsforslag, men gir relevante råd for det vidare planarbeidet. Det blir peika på at planen bør vere konsis med tydelege politiske føringar, og at samordning mellom stat, fylkeskommune og kommunar må stå sentralt. Kommunane sitt framtidige kompetansebehov bør tydeleggjerast, og samarbeidet med lokale utdanningsinstitusjonar bør styrkast. Vidare blir det understreka at sirkulærøkonomi ikkje berre er ei næringslivsstrategi, men òg eit ansvar på forvaltningsnivå, særleg knytt til offentlege innkjøp og bygg. Mangfald og inkludering bør løftast gjennom kompetanseutvikling for ulike grupper, og kommunane si erfaring med inkluderingsarbeid bør nyttast som kunnskapsgrunnlag. Samarbeidsstrukturar må sikre lokal forankring og målretta tiltak. Fråsegna gir nyttige perspektiv som kan takast inn i handlingsprogrammet og vurderast vidare i planprosessen, og det fører til redaksjonelle justeringar.	Relevans for vidare arbeid med planen

Kystverket		Redaksjonell justering	Kystverket støttar Vestland fylkeskommune i å løfte fram samfunnstryggleik og beredskap i regionale planar. Dei understrekar at eit velfungerande sjøtransportsystem med farleier, hamner og terminalar er avgjerande for næringsutvikling, handel, persontransport og nasjonal beredskap. Kystverket peikar på at hamnene har ein særleg viktig funksjon i dagens geopolitisk situasjon, og tilrår ei overordna kartlegging av hamnestrukturen og vurdering av hamnene si betydning som del av kunnskapsgrunnlaget for planen. Dei viser til verktøy som kan nyttast i dette arbeidet, mellom anna Kystinfo.no, Kystdatahuset.no, Havbasen og MarU-modellen for maritime utslepp. Samla sett ber Kystverket om at sjøtransport og hamner blir inkludert som sentrale element i kunnskapsgrunnlaget og i den vidare planleggjinga for verdiskaping og kompetanse.	Kystverket støttar planprogrammet og framhevar samfunnssikkerheit og beredskap som viktige tema i regionale planar. Dei peikar på behovet for koordinert planlegging og viser korleis verdiskaping og kompetanseutvikling er avhengig av god infrastruktur. fråsegna er relevant og strategisk, og bør inngå i kunnskapsgrunnlaget. Kystverket sin rolle bør synleggjast tydelegare, særleg i samanheng med Regional plan for areal og mobilitet, der sjøtransporten har ein sentral funksjon for verdiskaping, beredskap og infrastrukturutvikling. Det blir lagt vekt på at kartleggingar og verktøy utvikla av Kystverket bør nyttast som del av kunnskapsgrunnlaget, til dømes Kystinfo.no, Kystdatahuset.no, Havbasen med statistikk for utslepp frå skipsfarten, og MarU – ein modell for estimering av maritime utslepp. Samla sett er fråsegna vurdert som eit viktig bidrag til det vidare planarbeidet, og det fører til redaksjonelle justeringar.	Relevans for vidare arbeid med planen
Statsforvaltaren i Vestland(Administrativt behandlet)		Mindre endring	Statsforvaltaren støttar at planprogramma for regional plan for arealbruk og mobilitet og regional plan for verdiskaping og kompetanse er sendt på høyring. Fylkeskommunen har ei viktig rolle i å samordne arealbruk, ressursar og infrastruktur på tvers av kommunegrenser, og planane må bidra til å følgje opp berekraftsmåla og nasjonale plikter innan natur, klima og miljø. Det blir framheva at folkehelse må konkretiserast tydelegare, med omsyn til sosial ulikskap, demografi, psykisk helse og livskvalitet, og at planane må sjåast i samanheng med handlingsprogram for folkehelse. For arealbruk støttast prinsippet om effektiv utnytting, transformasjon og gjenbruk, og behovet for regional styring av utbyggingsmønster, energi, industri, bustadbygging og handel. Handelsføresegnene bør vidareførast og reviderast for å sikre felles tolking og unngå feil lokalisering av handel. Masseforvaltning blir løfta fram som eit sentralt tema. Reine overskotsmassar er ein ressurs som bør gjenbrukast, og regional plan må sikre oversikt, retningslinjer og heilskapleg forvaltning. Det er behov for betre kunnskap, regionale føringar og klare definisjonar, slik at gjenbruk og materialgjenvinning vert prioritert framfor deponering. Vidare bør planane konkretisere korleis samfunnstryggleik og beredskap skal innarbeidast, med omsyn til naturfare, klimatilpassing og uønskte hendingar. Medverknad må styrkast, særleg for barn og unge, og fylkeskommunen bør gjere greie for korleis prosessen skal leggast opp. Samla sett gir fråsegna støtte til planprogramma, men med klare råd om folkehelse, berekraftig arealforvaltning, handel, masseforvaltning, samfunnstryggleik og medverknad som bør leggjast til grunn i det vidare arbeidet.	Statsforvaltaren Vestland støttar grepet om å utvikle eit meir heilskapleg plansystem, og peikar på behovet for å utarbeide klare retningsliner og eventuelle regionale føresegner som kan sikre effektiv areal- og ressursutnytting. Folkehelseperspektivet er styrka i det reviderte planprogrammet og skal vere eit gjennomgåande tema. Den samiske befolkninga, på lik linje med andre minoritetar, skal vurderast med omsyn til behov for særskilte tiltak for inkludering og kompetansebygging. Folkehelseoversikta for Vestland er nemnd som kunnskapsgrunnlag, og Folkehelselova er lagt til grunn som rammeverk for arbeidet, noko som gir eit breiare sosialt perspektiv og understrekar folkehelse som ein integrert del av samfunnsutviklinga. Klima er omtalt som eit sentralt tema, og begge planane skal bidra til å oppfylle det lovfesta målet om lågutsleppssamfunn innan 2050. Fylkeskommunen har fleire verkemiddel som skal utforskast i planarbeidet, både for å redusere utslepp innan eigne ansvarsområde og for å støtte kommunane i deira arbeid med klimatiltak. Samfunnstryggleik og beredskap er lagt inn som gjennomgåande omsyn, og fråsegna frå Statsforvaltaren vert lagt til grunn for vidare arbeid. Når det gjeld næring, er statlege planretningsliner nemnde som føring, medan resten av fråsegna gjeld regional plan for areal og mobilitet og er tatt til orientering. Fråsegna frå Statsforvaltaren Vestland krev ikkje endringar i sjølve planprogrammet, men vert teke med vidare som del av kunnskapsgrunnlaget. Det har ført til mindre endringer, og vil bidra til å styrkje kvaliteten og relevansen i det vidare planarbeidet.	Relevans for vidare arbeid med planen
Stiftinga Vestlandsforskning		Redaksjonell justering	Stiftinga Vestlandsforsking støttar at den regionale planen byggjer på ein berekraftsmodell, og viser til både eiga forsking og Donut Economy-modellen som grunnlag for å sikre at verdiskaping skjer innanfor naturlege og sosiale rammer. Dei meiner planen må vere tydeleg forankra i berekraftsmodellen som vert vist til innleiingsvis. Dei peikar på at gjennomgåande omsyn som samfunnssikkerheit, inkludering, universell utforming og folkehelse er viktige, og foreslår å ta med sjølvforsyning. Vidare understrekar dei behovet for å styrkje forskingsbasert kunnskap om sirkulær økonomi, innovasjonssystem og inkluderande arbeidsliv, og at samarbeid mellom akademia, FoU-miljø og næringsliv må forsterkast. Vestlandsforsking foreslår at fylkeskommunen etablerer eit «kunnskapspanel» med deltakarar frå akademia, næringsliv og offentlege aktørar som kan vere sparringspartnarar i kunnskapsutviklinga. Dei viser òg til fleire nasjonale rapportar og meldingar som bør inngå i kunnskapsgrunnlaget, og peikar på behov for ny kunnskap innan berekraftig reiseliv, sirkulær økonomi, industriell symbiose og totalberedskap. Samla sett meiner dei at planen bør vere meir presis på berekraft, sjølvforsyning, sosial inkludering og samarbeid med forskingsmiljø, og at oppdatert kunnskapsgrunnlag er avgjerande for å styrkje verdiskaping og omstilling i Vestland.	Stiftinga Vestlandsforsking sine forslag om å presisere strategiske val ved målkonfliktar og å legge til formuleringar om inkluderande arbeidsplassar er allereie ivaretekne under plantema i kapittel 3. Lista over gjennomgåande omsyn er henta direkte frå Utviklingsplanen og vert ikkje endra. Når det gjeld omstilling og konkurransekraft, vert berekraft ikkje lagt inn tidlegare i teksten, men forsynings- og matsikkerheit er løfta fram i det reviderte planprogrammet. For sirkulærøkonomi er det lagt vekt på behovet for å redusere samla ressursuttak. Desse momenta vert tekne med vidare i planarbeidet, men utan konkrete tekstendringar på noverande tidspunkt. Vestlandsforsking har lista opp relevante kunnskapskjelder, men det er ikkje vurdert som hensiktsmessig å bygge ut denne lista skriftleg i planprogrammet. Dei har òg identifisert behov for ny kunnskap, og det vert lagt inn formuleringar om å samle meir kunnskap, særleg om sirkulærøkonomi, samfunnssikkerheit og beredskap. Fråsegna vert teke med i det vidare arbeidet og har ført til redaksjonelle justeringar.	Relevans for vidare arbeid med planen
Kvam herad	Vedlegg	Inga justering eller endring	Kvam herad støttar planprogramma for regional plan for verdiskaping og kompetanse og regional plan for areal og mobilitet, og ser det som positivt at fleire gjeldande planar vert samla i færre regionale planar. Dei understrekar at planane bør vere konsise med tydelege politiske føringar, og at kommunane må ha ein sentral rolle i vidare arbeid. Kvam herad peikar på at kommunane må inkluderast i utvikling av sirkulærøkonomi, særleg knytt til offentlege innkjøp og bygg, og at framtidige kompetansebehov må tydeleggjerast. Kommunane si erfaring med inkluderingsarbeid bør nyttast som kunnskapsgrunnlag, og samarbeidsstrukturar må sikre lokal forankring og målretta tiltak. Det blir framheva at planane må ha god samanheng seg imellom, og at viktige tema som transport, kollektivtilbod, ladeinfrastruktur og nasjonal turistveg må adresserast. Trygge og gode transportvegar, samordning av gods- og varetransport, og beredskap knytt til forsyningstryggleik blir vurdert som sentrale punkt. De meiner vidare at framdriftsplanen er stram, og at høyringsfrist til september 2026 ikkje gir tilstrekkeleg tid til lokalpolitisk behandling. Dei foreslår at fristen vert flytta til oktober 2026 for å sikre god forankring.	Kvam herad støttar planprogramma og ser det som positivt at fleire regionale planar vert samla. Dei peikar på at planane bør vere konsise med tydelege politiske føringar, og at kommunane må inkluderast i arbeidet med sirkulærøkonomi og kompetanse. Kommunane si erfaring med inkluderingsarbeid bør nyttast som kunnskapsgrunnlag, og samarbeidsstrukturar må sikre lokal forankring. De meiner framdriftsplanen er stram og foreslår at høyringsfristen vert flytta til oktober 2026 for å sikre god lokalpolitisk behandling. Fråsegna gir ingen justeringar eller endringar til planarbeidet no, men har relevans for det vidare arbeidet.	Relevans for vidare arbeid med planen

CONNECT VEST	Redaksjonell justering	Connect Vest peikar på at det finst ei kapitalbarriere både i tidlegfase og vekstfase for selskap i Vestland, noko som hemmer utvikling og gjer at mange selskap anten flyttar ut eller stoppar opp. Dei understrekar at kapitalinfrastruktur må prioriterast på lik linje med fysisk infrastruktur, og etterlyser eit samanhengande system som koplar investorar, gründerar og kapitalmiljø på tvers av regionen. Connect Vest meiner fylkeskommunen bør bidra som langsiktig partner og systembyggjar, og at relativt små offentlege midlar kan utløse betydeleg privat kapital. Dette vil styrke innovasjonsevna, sikre at fleire vekstselskap blir verande i regionen og auke verdiskaping og sysselsetting.	Connect Vest peikar på kapitalinfrastruktur som eit sentralt område for regional utvikling. I planprogrammet er kapital alt nemnd i kapittel 3.1.3 Innovasjonssystem som ein viktig faktor for omstilling og konkurransekraft. Vurderinga er at dette bør tydeleggjerast ytterlegare, slik at kapitaltilgang vert framstilt som ein grunnleggjande del av eit velfungerande innovasjonssystem. Fråsegna vert teke med i det vidare arbeidet og har ført til redaksjonelle justeringar.	Relevans for vidare arbeid med planen
VEST NÆRINGSRÅD	Inga justering eller endring	Vest Næringsråd støttar ambisjonen om å samle fleire planar i færre, og ser positivt på at verdiskaping og kompetanse er eit eige satsingsområde. Dei framhevar kompetanse som ein strategisk målsetjing og understrekar behovet for tettare samarbeid mellom skule og næringsliv. Rådet peikar på at eit fleksibelt utdanningssystem må byggjast i samspel med næringslivet, og at medverknad frå ulike aktørar er avgjerande for mangfald og inkludering i arbeidslivet. Dei foreslår konkrete tiltak som kan gjere born og ungdom tidleg kjent med arbeids- og næringsliv, og framhevar særleg behovet for å styrkje overgangen frå elev til lærling og å sikre rekruttering av yrkesfaglærarar. Det blir også peikt på viktige kompetanseområde som sirkulærøkonomi, energiomstilling, teknologiutvikling, digitalisering og samfunnstryggleik, inkludert kompetanse knytt til forsvarssatsinga. Vest Næringsråd ønskjer at planarbeidet legg særleg vekt på nyskaping, teknologiutvikling og auka rekruttering til STEM-fag. Til slutt tilbyr rådet seg som samarbeidspartnar i planprosessen, og vil bidra til gode og lokale møteplassar for medverknad.	Fråsegna frå Vest Næringsråd fører ikkje til endringar i planprogrammet. Dei tilbyr seg likevel å vere ein samarbeidspart i planprosessen gjennom å bidra til å skape møteplassar. Dette gir ingen direkte justeringar i planen, men har relevans og verdi for det vidare planarbeidet.	Relevans for vidare arbeid med planen
Fjordane interkommunalt politisk råd	Redaksjonell justering	Fjordane interkommunalt politisk råd støttar samordninga av planprogramma og meiner det er viktig at lokale behov og føresetnader vert ivaretekne i det vidare arbeidet. Dei peikar på at naturgitte næringar som landbruk, reiseliv, fiskeri og energi er grunnleggjande for verdiskaping i distriktskommunane, og at planarbeidet må ta omsyn til desse utan å leggje for sterke regionale føringar som kan hindre lokal utvikling. Rådet understrekar at tilgang på kraft, kapital og kompetanse er avgjerande for grøn omstilling og ny verdiskaping, og at desse omsyna må vere ein raud tråd i planarbeidet. Dei framhevar at fylkeskommunen har ei sentral rolle i å samordne planlegging, løfte fram regionale behov og støtte innovasjonsmiljø og næringshagar. Kompetanse blir peikt på som nøkkelen til utvikling, og rådet støttar at fylkeskommunen tek ansvar for å sikre desentraliserte og fleksible utdanningstilbod. Dei vidaregåande skulane i distrikta må bevarast som viktige utdanningsarenaer og rekrutteringsvegar for næringslivet. Planen bør ha tydelege mål for desentraliserte og fleksible tilbod innan vidaregåande og etter- og vidareutdanning, og fylkeskommunen bør ta ein aktiv rolle gjennom Kompetanseforum Vestland for å styrkje koplinga mellom utdanning og arbeidsliv. Samla sett framstår fråsegna som eit relevant og konstruktivt bidrag som gir klare forventningar til fylkeskommunen og bør inngå som ein del av kunnskapsgrunnlaget for det vidare planarbeidet.	Det blir framheva at planprogramma er detaljrike, og at tre avgjerande faktorar – tilgang på kraft, kapital og kompetanse – må vere ein raud tråd i arbeidet med berekraftig utvikling. Vidare blir det understreka at planen må ta høgde for ulike utfordringar i byar, regionsenter og distriktskommunar, og at fylkeskommunen bør samordne utdannings- og kompetansetilbod regionalt, samt støtte innovasjonsmiljø og næringshagar. Det blir også lagt vekt på betydninga av å bevare eit mangfald av vidaregåande skular, sikre desentraliserte og fleksible utdanningstilbod for både unge og vaksne, og styrkje koplinga mellom utdanning og arbeidsliv. Fråsegna gir ingen direkte justeringar i planen, men har relevans og verdi for det vidare planarbeidet. Fråsegna fører ikkje til endringar i planprogrammet, men peikar på viktige omsyn for det vidare arbeidet.	Relevans for vidare arbeid med planen
NORSKE KUNSTHÅNDVERKERE VEST-NORGE	Inga justering eller endring	Norske Kunsthåndverkere understrekar at kunsthandverk og fri kunst er viktige ressursar for regional utvikling i Vestland. Feltet har sterke tradisjonar og stort potensial for verdiskaping i møtet mellom kulturarv, utdanning, næringsliv og reiseliv. Dei peikar på at kunsthandverkarar kombinerer skapande praksis, materialkompetanse og innovasjonsevne – direkte relevant for grøn omstilling og framtidig konkurransekraft. Innspillet ber fylkeskommunen tydeleg anerkjenne kunsthandverkets rolle i planen, både som næring, metode og samfunnsressurs. Det blir foreslått tiltak for å styrkje kunsthandverk som innovasjonskraft, sikre kunstfaglege utdanningsløp i vidaregåande opplæring, og betre arbeidsvilkår og formidlingsarenaer for profesjonelle kunstnarar. Samla sett blir kunsthandverk og fri kunst framheva som underutnytta ressursar som kan bidra til berekraftige løysingar, nye arbeidsplassar, rekruttering av unge og styrking av kulturarv og kritisk tenking. Vestland fylkeskommune blir oppmoda til å gi kunsthandverk og kunst ein tydeleg plass i den regionale planen for verdiskaping og kompetanse.	Dei ønskjer å synleggjere kunsthandverk som både næring og omstillingsagent, men planprogrammet nemner i liten grad spesifikke næringar under deltemaet Omstilling og konkurransekraft, og det er ikkje grunnlag for å framheve kunstnæringar særskilt. Organisasjonen løftar òg fram kunsthandverket som metode, kunnskapsfelt og samfunnsressurs, og peikar på behovet for å styrkje kunstfaglege tilbod i utdanningssektoren. Det er likevel ikkje rom for å omtale enkeltfag under deltemaet Kompetanse og inkludering. Nokre forslag er allereie dekte gjennom eksisterande regional kulturplan. I den vidare planprosessen må Avdeling for kultur og folkehelse bidra til å sikre samanheng mellom planane. Fråsegna frå organisasjonen fører ikkje til endringar i planprogrammet	Relevans for vidare arbeid med planen

Helse Førde		Inga justering eller endring	Helse Førde er positive til planprogrammet og ser det som eit viktig initiativ for å samle og styrke det regionale planverket. Dei understrekar behovet for fleksible og relevante utdanningstilbod innan helsefag på alle nivå, og tiltak for rekvalifisering og vidareutdanning av vaksne som ønskjer å gå inn i helsesektoren. Samarbeid med utdanningsinstitusjonar og fylkeskommunen blir framheva som avgjerande for å sikre tilgang på kvalifisert helsepersonell i heile fylket. Vidare peikar Helse Førde på viktigheita av inkludering og mangfald i arbeidslivet, med særleg fokus på norskopplæring og digital kompetanse for tilsette med innvandrarbakgrunn, samt samarbeid med NAV og kommunar for å inkludere personar med helseutfordringar eller utan formell utdanning. Dei løftar fram helseberedskap som eit tema som bør inkluderast i planarbeidet, og ønskjer å bli invitert inn i arbeid knytt til samfunnssikkerheit og beredskap. Helse Førde vil òg bidra til innovasjon i offentleg sektor, og meiner helsesektoren bør vere ein del av innovasjonssystemet, med vekt på velferdsteknologi, digital pasientoppfølging og bruk av kunstig intelligens. Dei ønskjer styrka samarbeid med forskingsmiljø og helseklynger i Vestland. Til slutt understrekar dei behovet for medverknad og samarbeid, og føreslår at helseføretaket vert invitert inn i relevante temagrupper og ressursgrupper, samt at det blir etablert faste kontaktpunkt mellom fylkeskommunen og helseføretaka for betre koordinering og kunnskapsdeling.	Fråsegna frå Helse Førde vert vurdert som eit positivt bidrag til styrking av det regionale planverket og er teke til orientering. Det peikar på helsesektoren sitt store samfunnsansvar og behovet for omstilling og teknologiutvikling, særleg med tanke på at sektoren er arbeidskraftintensiv. Fysisk infrastruktur vert løfta fram som det viktigaste verkemiddelet for å sikre helseberedskap, og dette vil bli behandla i dei to nye planane, med særleg vekt på Regional plan for areal og mobilitet. Planprogrammet er sektornøytralt, men helse vil ha ein sentral posisjon i det vidare arbeidet. Korleis samarbeid mellom relevante aktørar skal organiserast og korleis innovasjon kan fremjast, skal drøftast vidare og definerast i handlingsprogrammet. Forslag til verkemiddel og samarbeidsaktørar vil bli vurdert i neste planfase. Det er notert at Helse Førde HF ønskjer å bidra i relevante temagrupper, og at faste kontaktpunkt mellom fylkeskommunen og helseføretaka kan etablerast som resultat av planarbeidet. Fråsegna fører ikkje til endringar i planprogrammet, men har relevans for det vidare planarbeidet og vil kunne gi grunnlag for redaksjonelle justeringar.	Relevans for vidare arbeid med planen
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		Inga justering eller endring	Rådet støttar at CRPD skal leggjast til grunn for planarbeidet og understrekar at menneske med nedsett funksjonsevne må kunne nytte tilbod utan hjelp frå andre. Dei uttrykkjer uro over at temaplanar for vidaregåande opplæring vert innarbeidde i ein større og mindre detaljert plan, og peikar på viktigheita av politisk styring av vidaregåande skule, særleg med omsyn til inkludering og retten til å høyre til i ein vanleg klasse. RMNF meiner at omtalen av mangfaldig og inkluderande arbeidsliv er god, men lite konkret, og etterlyser betre kunnskapsgrunnlag om gjennomføring i vidaregåande skule og deltaking i arbeidslivet for personar med funksjonsvariasjonar. Dei viser til fylkestinget sitt vedtak om å utarbeide kunnskapsgrunnlag om mobbing og utanforskap, og ber om at dette vert lagt til grunn. Vidare peikar rådet på utfordringar knytt til tilrettelegging, bustad og samarbeid mellom kommune og fylke, og understrekar behovet for at ungdom med nedsett funksjonsevne får tilgang til stimulerande utdanningstilbod på lik linje med andre. Dei framhevar òg at familien, sivilsamfunnet og frivillige organisasjonar må styrkast som del av laget rundt den enkelte, og at retten til livslang opplæring kan vere avgjerande for å utvikle kompetanse og ta i bruk kommunikasjons-hjelpemiddel. Samla sett ber RMNF om at planen sikrar reell inkludering, betre kunnskapsgrunnlag og konkrete tiltak for å styrke rettane og moglegheitene til menneske med nedsett funksjonsevne.	Fråsegna frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er teke til orientering og vurdert som relevant for det vidare planarbeidet. Rådet uttrykkjer skepsis til at temaplanane for vidaregåande opplæring skal innarbeidast i ein større og mindre detaljert regional plan, men kjem ikkje med konkrete forslag til endringar. Dei peikar på behovet for meir konkrete mål og eit kunnskapsgrunnlag som inkluderer menneske med funksjonsvariasjonar, særleg med tanke på gjennomføring i vidaregåande opplæring og deltaking i arbeidslivet. Vidare blir det understreka at samarbeid mellom relevante aktørar er viktig for å sikre gode vilkår for elevar med nedsett funksjonsevne, og at livslang læring også for denne gruppa må vere ein del av satsinga. Fråsegna fører ikkje til endringar i planprogrammet, men vert vurdert som eit viktig bidrag og vil bli teke med vidare i planprosessen. Det kan gi grunnlag for redaksjonelle justeringar.	Relevans for vidare arbeid med planen
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND		Inga justering eller endring	FNF understrekar at den mest berekraftige energien er den som ikkje blir brukt. Dei peikar på at omstilling krev tydelege prioriteringar for korleis krafta skal nyttast, slik at ein kan balansere økonomisk utvikling, klimaomstilling og omsyn til natur. Dette blir framheva som ein nøkkel for å sikre både konkurransekraft og berekraftig verdiskaping.	Vurderinga peikar på at satsing på energieffektivisering og tydelege prioriteringar for bruk av kraft bør vere sentrale element i det vidare planarbeidet. Dette vil bidra til å sikre berekraftig utvikling og samspel mellom verdiskaping, klimaomstilling og omsyn til natur. Det er ikkje behov for endringar i planprogrammet.	Relevans for vidare arbeid med planen
Aurland kommune	Vedlegg	Redaksjonell justering	Aurland kommune peikar på at høyringsprosessen har vore for kort til politisk handsaming, og understrekar behovet for breie og reelle høyringar. Kommunen er positiv til færre, meir omfattande planar, men åtvarar mot sentralisering og at fylkeskommunen tek ein «overkommune»-rolle. Dei minner om at kommunane er sjølvstendig planmynde og best kjenner lokale føresetnader. Kommunen støttar satsinga på omstilling og konkurransekraft, og ber om sterkare fokus på lokal verdiskaping i distrikta, særleg små og mellomstore bedrifter, reiseliv, landbruk og grøn industri. Dei etterlyser tiltak som fremjar lokal energiproduksjon og sirkulærøkonomi, og viser til eigne satsingar på grønare reiseliv, mellom anna «Destinasjon Flåm – energiHUB». Aurland støttar ei brei tilnærming til kompetanseutvikling, men understrekar behovet for forutsigbarheit i skulebruksplanen. Fleksible og desentraliserte utdanningstilbod må sikrast både for unge og vaksne, utan stadige omkampar om linjer og skular. Kommunen set pris på brei medverknad, men ber om at kommunane vert involvert aktivt og systematisk, med gode strukturar for dialog og samarbeid. Lokal kunnskap og erfaring må få ein sentral plass i planarbeidet. Samla sett: Aurland kommune støttar hovudretninga i planarbeidet, men ber om sterkare lokal forankring, forutsigbarheit i utdanningstilbodet og tydeleg vekt på distriktskommunane sine behov.	Aurland kommune støttar fylkeskommunen sitt arbeid med færre, tverrsektorielle planar, men meiner høyringsprosessen har gitt for lite rom for lokal politisk drøfting og forankring. Dei uttrykkjer uro for sentralisering og regionalisering, og åtvarar mot at planen blir for detaljert på arealstyring eller fagområde der fylkeskommunen ikkje har mynde. Kommunen peikar på behovet for å styrke lokal verdiskaping i distrikta, med vekt på små og mellomstore bedrifter, reiseliv, landbruk, grøn industri, lokal energiproduksjon og sirkulærøkonomi – tema som allereie er inkludert i planprogrammet. Dei støttar ei brei tilnærming til kompetanseutvikling, men understrekar behovet for forutsigbarheit i skulebruksplanen. Kommunen ber om at kommunane vert involvert aktivt og systematisk, med etablering av gode strukturar for dialog og samarbeid. Fråsegna er teke til orientering og vurderast som eit verdifullt bidrag til det vidare planarbeidet. Aurland kommune kan vere ein konstruktiv sparringspartnar i prosessen. Fråsegna fører til redaksjonelle justeringar i planprogrammet.	Relevans for vidare arbeid med planen
Fiskeridirektoratet		Inga justering eller endring	Fiskeridirektoratet støttar planprogrammet og understrekar at fiskeri- og akvakulturnæringane har stor betydning for verdiskaping, arbeidsplassar og busetnad i Vestland. Dei peikar på at berekraftig matproduksjon frå havet er sentral både for nasjonal mattryggleik og for å nå FNs berekraftsmål, særleg mål 14 om å bevare og bruke havet berekraftig og mål 2 om å utrydde svolt. Direktoratet framhevar at naturbaserte næringar må sikrast gjennom heilskapleg planlegging, og at akvakultur kan bidra til grøn omstilling, fleire lønsame arbeidsplassar og auka eksportinntekter. Dei meiner sjømatnæringane må inkluderast i det vidare planarbeidet og ser positivt på at planen byggjer vidare på erfaringar frå satsingar som Grøn region Vestland og Styrka marin innsats. Samla sett ber Fiskeridirektoratet om at fråsegna deira vert vurdert nærare i planprosessen, og dei ser fram til vidare deltaking i arbeidet.	Fråsegna frå Fiskeridirektoratet er teke til orientering og vurdert som relevant for det vidare planarbeidet. Direktoratet gjer merksam på statlege retningslinjer for planlegging og minner om si rolle i arbeidet, samt nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for perioden 2023–2027. Dei understrekar særleg betydninga av berekraftig sjømatproduksjon for mattryggleik, og viktigheita av å legge til rette for fiskeri som ei naturbasert næring. Representantar frå næringane vil bli involverte i det vidare planarbeidet. Dei forholda som vert løfta fram i fråsegna er allereie omtalt i planprogrammet, og det er ikkje behov for endringar. Fråsegna kan likevel gi grunnlag for redaksjonelle justeringar.	Relevans for vidare arbeid med planen

Sognarådet IPR	Inga justering eller endring	Innspillet peikar på behovet for ein plan som er kortfatta, lett tilgjengeleg og med tydelege mål og strategiar. Kunnskapsgrunnlag og utgreiingar bør samlast i vedlegg, medan hovuddokumentet fokuserer på retning og tiltak. Det blir etterlyst konkrete tiltak for å styrke lokalt næringsliv i heile fylket, med særleg vekt på samanhengen med arealbruk, infrastruktur og tilgang på arbeidskraft. Vidare blir det framheva at vidaregåande skular, fagskular og høgare utdanningsinstitusjonar må styrkast for å møte eit arbeidsliv i rask endring, og at planen bør fremje fleksible utdanningsløp både innan grunnutdanning og etter- og vidareutdanning. Avslutningsvis blir det understreka behovet for ein tydeleg handlingsplan med jamleg rullering og evaluering, samt likeverdig deltaking frå alle regionar og aktiv involvering av næringslivet i planarbeidet.	Fråsegna frå Sognarådet IPR er teke til orientering og inneheld ingen forslag til endring i planprogrammet. Dei peikar på ønskje om ei tydeleg og lett tilgjengeleg utforming av sjølve planen, med ein klar handlingsplan som vert jamleg rullert og evaluert. Det blir lagt vekt på at heile fylket må vere inkludert og aktivt tatt i bruk, og at utdanningsinstitusjonane må tilby fleksible løysingar og ha evne til rask omstilling. Fråsegna har relevans for det vidare planarbeidet, men fører ikkje til endringar i planprogrammet. Det kan likevel gi grunnlag for redaksjonelle justeringar.	Relevans for vidare arbeid med planen
Statens Vegvesen	Inga justering eller endring	Statens vegvesen er positive til planprogrammet og understrekar si rolle som statleg fagmynde med ansvar for å sikre at nasjonale føringar frå Nasjonal transportplan, statlege planretningslinjer og vegnormalar vert ivaretekne i planleggingа. Dei peikar på at transportsektoren må bidra til å nå FNs berekraftsmål gjennom eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem, med vekt på trafikktryggleik, framkomme, universell utforming, klima- og miljøomsyn og heilskapleg bypolitikk. Vegvesenet viser til at dei alt har gitt uttale til planprogrammet for regional plan for areal og mobilitet, og at denne kan leggjast til grunn også for regional plan for verdiskaping og kompetanse der det er felles interessefelt. Ut over dette har dei ingen vesentlege merknader til planen.	Statens vegvesen støttar planprogrammet og viser til at meir detaljerte fråsegna er gitt i Regional plan for areal og mobilitet. Dei understrekar at planen skal bidra til felles forståing av utfordringar, moglegheiter og utviklingsbehov, og styrkje samarbeid mellom offentlege og private aktørar. Vegvesenet minner om sitt sektoransvar og oppfølging av NTP-mål, samt statlege retningslinjer. Dei har alt gitt uttale til planprogrammet for regional plan for areal og mobilitet, og der det er overlappande interessefelt kan denne uttalen leggjast til grunn også for regional plan for verdiskaping og kompetanse. Det er ikkje foreslått konkrete tiltak eller endringar, men fråsegna er ryddig og relevant og bør takast til etterretning i det vidare planarbeidet, særleg med tanke på samordning mellom planane.	Relevans for vidare arbeid med planen
Styret for Fagskulen Vestland	Inga justering eller endring	Styret for Fagskulen Vestland peikar på at fagskulelova er ei sentral ramme for regional plan for verdiskaping og kompetanse, og at komande endringar i lov og stortingsmelding vil styrkje fagskulesektoren sitt samfunnsoppdrag. Dei understrekar at Fagskulen Vestland er ein av dei største offentlege fagskulane i landet, med brei geografisk spreiing og særleg styrke innan tekniske og maritime fag – avgjerande for næringsliv, beredskap og samfunnssikkerheit. Innspillet ber om at planen set klare ambisjonar for fagskulesektoren, og at fylkeskommunen nyttar Fagskulen Vestland som eit sentralt verkemiddel for innovasjon, kompetanseutvikling og verdiskaping. Det blir etterlyst eit betre kunnskapsgrunnlag og tydeleg strategi for korleis fagskulen skal bidra til regionale mål. Styret framhevar at institusjonsakkreditering vil gi fagskulane større handlingsrom til å utvikle nye utdanningstilbod raskt, og at dette kan styrkje tilgang på høgare yrkesfagleg kompetanse i regionen. Dei ber om at fylkeskommunen legg til rette for at Fagskulen Vestland kan bli ein motor for innovasjon og kompetanseutvikling, og at satsinga på fagskulesektoren vert spegla i vidare handlingsprogram.	Fråsegna er teke til orientering og inneheld ikkje forslag til endringar i planprogrammet. Det er semje om at Fagskulen er ein sentral aktør, men det blir foreslått at planen bør omtale fylkeskommunen sine forventningar og strategiar for fagskulesektoren, inkludert Fagskulen Vestland. Til eit komande handlingsprogram blir det peikt på behovet for å formulere tydelege ambisjonar for fagskulen si rolle i verdiskaping og kompetanseutvikling, samt å etablere eit solid kunnskapsgrunnlag om fagskulen som verkemiddel for innovasjon og berekraftig utvikling. Det blir òg vist til at den nye stortingsmeldinga for fagskulane vil kunne påverke innhald og fleksibilitet i tilboda. Fråsegna har relevans for det vidare planarbeidet og kan gi grunnlag for redaksjonelle justeringar, men det fører ikkje til endringar i sjølve planprogrammet.	Relevans for vidare arbeid med planen
OPUS Bergen	Inga justering eller endring	Opus Bergen meiner planprogrammet må bli tydelegare på ambisjonar for verdiskaping og kompetanse i Vestland. Dei peikar på behovet for å ta høgde for veksten i turismen til fjordane og transportbehovet som følgjer med, og ønskjer at persontransport på sjø og fylket sine eigne mål for verdiskaping og kompetanse vert klargjorde. Dei løftar fram prosjektet Kildn som eit døme på framtidsretta innovasjon med ringverknader for både distrikta og sentrale område, og meiner planen bør konkretisere korleis slike initiativ kan få plass og prioritet. Vidare etterlyser dei ein tydelig raud tråd i kompetansesatsinga, frå behov og definisjonar til oppfølging gjennom fylkeskommunen sine ansvarsområde, og ber om styrka samarbeid med næringslivet og relevante aktørar. Samla sett meiner Opus Bergen at planen må vise retning og konkrete utviklingsambisjonar, og at innovasjon – særleg prosjekt som Kildn – er avgjerande for framtidig verdiskaping og kompetanseutvikling i Vestland.	Fråsegna er teke til orientering og vurdert som relevant for det vidare planarbeidet. Tema som vert løfta fram ligg allereie innanfor ramma sett i planprogrammet, og ønsket om meir detaljering er vurdert som aktuelt for seinare fasar. Aktøren kjem ikkje med konkrete tekstforslag, og dei refererte rapportane har eit detaljeringsnivå som ikkje er eigna for dette stadiet. Fråsegna fører ikkje til endringar eller justeringar i planprogrammet.	Relevans for vidare arbeid med planen
Eidfjord kommune(Administrativt behandlet)	Redaksjonell justering	Eidfjord kommune ser det som positivt at tema vert samla i eit felles planverk, då dette gjer planleggingа enklare å nytte i eit mangfald av prosessar. Kommunen understrekar viktigheita av hovudtema som omstilling, konkurransekraft, kompetanse og inkludering, og peikar på behovet for konkrete strategiar knytt til fjernarbeid og etablering av «hub»-strukturar. Dei viser til erfaringar frå Hardanger og forsking frå NORCE som dokumenterer potensialet for fjernarbeid som verkemiddel i distriktsutvikling. Vidare meiner kommunen at fylket må arbeide for eit breitt og fleksibelt kompetansetilbod som omfattar både ungdom, vaksne som vil omskulere seg, og dei som ønskjer å styrke eigen kompetanse. Dei legg vekt på at utdanningstilbod i distrikta må sikrast, og at verksemder som tek imot lærlingar bør løftast fram som viktige arenaer for nyskaping og entreprenørskap.	Fråsegna frå Eidfjord kommune er teke til orientering og vurdert som relevant for det vidare planarbeidet. Det vert peika på at tilrettelegging for fjernarbeidsplassar ikkje er spesifikt nemnt i planprogrammet. Dette kan vere aktuelt å innarbeide i punkt 3.2.3 Mangfaldig og inkluderande arbeidsliv, saman med rekruttering av arbeidskraft, slik fleire fråsegna har framheva. Tema som vert løfta ligg elles innanfor ramma sett i planprogrammet, og ytterlegare detaljering er vurdert som meir relevant for seinare fasar. Fjernarbeidsplassar kan vere eit viktig verkemiddel for distriktsutvikling og redusert flyttebehov. Fråsegna vert teke med i det vidare arbeidet og har ført til redaksjonelle justeringar.	Relevans for vidare arbeid med planen

Austevoll kommune (Politisk vedtak)	Vedlegg	Redaksjonell justering	Austevoll kommune framhevar sitt sterke marine og maritime cluster med næringsliv, utdanning og forsking, og understrekar at plan for verdiskaping og kompetanse er særleg viktig. Kommunen viser til gode resultat i NHO sitt kommune-NM og peikar på at konkurransekraft og omstillingsevne krev både rett kompetanse, tilgang til næringsareal og god infrastruktur for transport og energi. Transport og vegnett blir omtalt som ein flaskehals for vidare utvikling, og kommunen meiner at trygg og effektiv infrastruktur er avgjerande for berekraftig verdiskaping. Dei meiner at tema som næringsareal, energi og transport bør vere eigne satsingsområde i planen for verdiskaping og kompetanse, og ikkje berre i planen for areal og mobilitet. Vidare peikar Austevoll på at planprogrammet framstår noko diffust, og etterlyser tydelege rammer for framtidig utvikling av både eksisterande og nye næringar. Dei meiner planen bør løfte fram Vestland sine fortrinn tydelegare og konkretisere målsetjingane for verdiskaping. Klima, miljø og sirkulærøkonomi er viktige omsyn, men kommunen meiner ambisjonane for verdiskaping ikkje kjem klart nok fram. Samla sett ber Austevoll kommune om at planprogrammet blir meir konkret og tydeleg, med sterkare vekt på næringsareal, energi, transport og Vestland sine fortrinn som grunnlag for framtidig verdiskaping.	Fråsegna frå Austevoll kommune gir verdifulle bidrag til det vidare planarbeidet. Det peikar på behovet for tydelegare målformulering for verdiskaping, og at næringsareal, energi og transport bør løftast fram som eigne tema i planen, tett knytt til kompetanse og omstilling. Kommunen framhevar sin sterke maritime profil og understrekar at rett kompetanse, tilgang til areal og god infrastruktur er avgjerande for konkurransekraft. Transport blir omtalt som ein flaskehals, og planprogrammet blir vurdert som noko diffust, særleg når det gjeld rammer for utvikling av næringar. Austevoll etterlyser tydelegare mål og sterkare vekt på Vestland sine fortrinn. Innspillet framstår som eit relevant og konstruktivt bidrag som bør tas videre i planarbeidet fråsegna vert teke med i det vidare arbeidet og har ført til redaksjonelle justeringar.	Relevans for vidare arbeid med planen
Bergen kommune (Politisk vedtak)	Vedlegg	Mindre endring	Bergen kommune er positive til planprogrammet, men meiner det bør styrkast på fleire område. Dei foreslår at offentlege anskaffingar vert teke inn som eit eige tema under omstilling og konkurransekraft, då dette er eit kraftfullt verkemiddel for innovasjon og næringsutvikling. Vidare etterlyser kommunen at kapitaltilgang, eigarskapsstrukturar og risikovilje vert omtala som sentrale delar av innovasjonssystemet, og at det vert utvikla ein kapitalstrategi for innovasjon og omstilling. Kommunen peikar òg på behovet for å inkludere tema som bustadsutvikling, levekår og attraksjonskraft for å sikre rekruttering og integrering av arbeidskraft. Internasjonalisering og eksportstrategi bør prioriterast tydelegare, med særleg vekt på å styrke små og mellomstore bedrifter. Reiseliv og besøksforvaltning bør få ein plass i planen, då dette er ein viktig del av verdiskapinga i Vestland og ein nasjonal eksportsatsing. Til slutt meiner Bergen kommune at Havbyen Bergen bør nemnast eksplisitt i planen, som eit samarbeid som koplar forsking, utdanning og næringsliv, styrkar eksportposisjonar og fremjar innovasjon i havrelaterte sektorar. Samla sett ønskjer kommunen at planen skal vere meir konkret på verkemiddel og strategiar for å realisere verdiskaping og kompetanseutvikling i regionen.	Fråsegna som er komne til planprogrammet, er vurderte og fører i hovudsak til mindre justeringar i teksten. Offentlege anskaffingar vert løfta fram som eit viktig verkemiddel for omstilling og verdiskaping, og det er semje om at dette bør synleggjerast betre. Temaet vert difor innarbeidd i siste avsnitt under punkt 3.1.3 Innovasjonssystem, med språkelege justeringar. Vidare har Bergen kommune peika på behovet for å omtale kapitaltilgang, eigarskapsstruktur og risikovilje som sentrale element i innovasjonssystemet. Dette er vurdert som relevante fråsegna, og eksisterande omtale av kapital vert flytta til siste avsnitt i same punkt og reformulert for å tydeleggjere samanhengen. Fråsegna om bustadsutvikling, levekår og attraksjonskraft vert tekne til orientering, og desse temaa vil bli behandla vidare i Regional plan for areal og mobilitet. Forslag om å styrkje internasjonalisering og eksportstrategi, samt betre støtte til små og mellomstore bedrifter, vert òg tekne til orientering. Når det gjeld reiseliv og besøksforvaltning, vert det presisert at planen skal vere sektorovergripande og ikkje nemne einskilde næringar særskilt. Samla sett fører vurderinga til mindre endringar i planprogrammet.	Relevans for vidare arbeid med planen
Stryn kommune (Politisk vedtak)		Redaksjonell justering	Stryn kommune støttar intensjonen om å samle fleire sektorvise planar i ein heilskapleg regional plan som skal vere eit verktøy for berekraftig samfunnsutvikling i Vestland. Kommunen legg vekt på behovet for lokal tilpassing og differensiering mellom by og land, med fleksible løysingar og reell påverknad for distriktskommunar. Dei peikar på viktigheita av tiltak som styrkar rekruttering og busetjing i distrikta, støtte til desentraliserte utdanningstilbod, og validering av uformell kompetanse. Vidare ønskjer dei prioritering av grøn omstilling i små og mellomstore bedrifter, sirkulærøkonomi og tilgang til næringsareal og infrastruktur. Kommunen understrekar behovet for å balansere utvikling og vern, klimatilpassing, lokal beredskap og styrking av lokal matproduksjon. Dei etterlyser satsing på digital infrastruktur og kompetanse, samt innovasjon i offentleg sektor og næringsliv. Stryn kommune meiner medverknad og forankring er avgjerande, og at den regionale planen må byggje vidare på lokale planar og prosessar, med tett involvering av kommunane. Dei støttar òg fråsegna frå Region Fjordane om kraft, kapital og kompetanse som nøkkelfaktorar, behovet for desentraliserte utdanningstilbod, og at fylkeskommunen må vere ein tydeleg regional pådrivar. Samla sett ønskjer Stryn kommune ein plan som styrkar både fellesskap og lokal handlekraft, og dei ser fram til å bidra aktivt i det vidare planarbeidet.	Tema som Stryn kommune peikar på er i hovudsak dekte gjennom innrettinga på plantema, men enkelte forslag er meir detaljerte og vil vere relevante å ta opp i seinare fasar av planprosessen. Behovet for lokal tilpassing og differensiering mellom by, tettstad og distriktskommunar er teke høgde for i planprogrammet, men kan kome tydelegare fram. Forslaget om at distriktskommunar skal få reell påverknad i prioriteringar vert vurdert som meir aktuelt å følgje opp seinare i planarbeidet. Stryn kommune ønskjer å delta aktivt i det vidare arbeidet, og vurderinga av fråsegna bør sjåast i samanheng med fråsegna frå Region Fjordane. Fråsegna frå Stryn kommune er teke til orientering og vurdert som relevant for det vidare planarbeidet og har ført til redaksjonelle justeringar i planprogrammet.	Relevans for vidare arbeid med planen
Etne kommune (Politisk vedtak)		Redaksjonell justering	Etne kommune støttar intensjonen med planprogrammet og ser positivt på at fleire sektorvise planar vert samla i ein heilskapleg regional plan for verdiskaping og kompetanse. Kommunen peikar på behovet for å utvikle nye og framtidsretta verdikjeder, og å løyse barrierar knytt til teknologi, kompetanse og samarbeid. Dei meiner at digital infrastruktur, kunstig intelligens og teknologiinnovasjon må prioriterast for å skape ny verdiskaping. Kommunen løftar fram utfordringa med negativ folketalsutvikling, som påverkar både arbeidsmarknad, tenestetilbod og berekraft i lokalsamfunna. Dei ber om at planen vektlegg tiltak for tilflytting, rekruttering og integrering, og viser til tilflyttartenesta MittEtne som eit godt døme på lokale initiativ som bør løftast inn i ein regional strategi. Når det gjeld kompetanse og inkludering, understrekar Etne kommune at både næringsliv og offentleg sektor treng tilgang på rett kompetanse i ei tid med rask omstilling. Frivillige lag og organisasjonar vert framheva som viktige arenaer for læring, inkludering og fellesskap, særleg i mindre lokalsamfunn. Kommunen meiner at samarbeid mellom offentleg sektor, næringsliv og frivillige organisasjonar er avgjerande for å sikre at alle får plass i arbeids- og samfunnslivet. Samla sett ønskjer Etne kommune at planen skal bidra til å snu den negative demografiske utviklinga, styrke kompetanse og inkludering, og sikre eit tett samspel mellom regionale satsingar og lokalt næringsliv.	Forslaget om å løfte fram tilflytting, rekruttering av arbeidskraft og integrering av nye innbyggarar vert vurdert som relevant, men det er ikkje behov for endring i planprogrammet på dette stadiet. Desse temaa ligg innanfor ramma av planarbeidet og vil bli nærare behandla i sjølve planprosessen. Samarbeidsarenaer vert òg teke opp som ein del av det vidare planarbeidet. Fråsegna har ført til redaksjonelle justeringar i planprogrammet, men ikkje til endringar i innhaldet.	Relevans for vidare arbeid med planen

Sunnfjord kommune (Politisk vedtak)	Inga justering eller endring	Sunnfjord kommune støttar planprogrammet og ser det som eit viktig rammeverk for regional utvikling. Kommunen peikar på behovet for målretta kompetansebygging, sterkare samhandling og strategisk satsing på nøkkelnæringar for å sikre framtidig verdiskaping, og understrekar at energiintensive næringar må inkluderast i planprogrammet. Dei meiner det er avgjerande å sikre rett kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet i regionen, og at fylkeskommunen må ta ei aktiv rolle i å samordne kommunane sine satsingar, særleg innan næringspolitikk. Energi, reiseliv og mineralnæringa vert framheva som område der tett samarbeid er naudsynt. Landbruksnæringa i Sunnfjord er ei av dei største i Vestland og har nasjonal betydning, og kommunen understrekar viktigheita av ei berekraftig satsing både av beredskapsgrunnar og gjennom framtidsretta utdanningstilbod, der Førde vidaregåande skule spelar ei sentral rolle. Sunnfjord kommune ønskjer òg å ta ei sterkare rolle innan høgskule- og universitetsektoren, og viser til aktørar som Vestlandslegen (UiB), Høgskulen på Vestlandet, Fagskulen Vestland og Førde vidaregåande skule som grunnlag for å utvikle eit sterkt regionalt kunnskapsmiljø. Dette vert ytterlegare styrkt av forvaltningsmiljøa knytt til Helse Førde, Lotteri- og stiftelsetilsynet, Norec, NVE, samt finansinstitusjonar, konsulent- og byggenæringa. Samla sett ser Sunnfjord kommune planen som eit strategisk verktøy for å styrke kompetanse, samhandling og nøkkelnæringar, med særleg vekt på energi, landbruk og kunnskapsmiljøet i Førde.	Sunnfjord kommune støttar planprogrammet og ser det som eit viktig rammeverk for regional utvikling. Dei peikar på behovet for målretta kompetansebygging, sterkare samhandling og strategisk satsing på nøkkelnæringar som energi, reiseliv, mineral og landbruk. Kommunen understrekar at energiintensive næringar må inkluderast, og at landbruket har nasjonal betydning både for berekraft og beredskap. Dei framhevar òg utdanningstilbodet i Førde og ønskjer å utvikle eit sterkt regionalt kunnskapsmiljø gjennom samarbeid med høgskule- og universitetsektoren. Samla sett legg Sunnfjord kommune vekt på klare prioriteringar som kompetanse, nøkkelnæringar og kunnskapsmiljø for å sikre framtidig verdiskaping. Fråsegna har ført til inga justering eller endring.	Relevans for vidare arbeid med planen
Gloppen kommune	Inga justering eller endring	Gloppen kommune støttar planprogramma for regional plan for areal og mobilitet og for verdiskaping og kompetanse, men peikar på fleire viktige forhold. Dei understrekar at korte høyringsfristar gjer det vanskeleg å sikre god lokal medverknad. Kommunen løftar fram Nordfjord sin fleirkjernestruktur som eit alternativ til regionsenter, og ber om at dette vert respektert i planarbeidet. Vidare peikar dei på behovet for betre transportløysingar internt i Nordfjord og mot Møre og Romsdal, samt viktige prosjekt som Stad skipstunnel. Kommunen meiner at kommunane må behalde handlingsrommet sitt, særleg innan handel, og at vidaregåande skular i distrikta er avgjerande for rekruttering og kompetansebygging. Gloppen understrekar at verdiskaping skjer i heile fylket, og at planlegginga må ta omsyn til naturgitte føresetnader og lokale behov. Dei ber om oppdatert kunnskapsgrunnlag som reflekterer fleirkjernestrukturen og transportbehova, og minner om at fylkeskommunen si rolle er å samordne og støtte – ikkje overstyre.	Høyringsfråsegna frå Gloppen, Stryn og Stad er identisk med den felles fråsegna som allereie er politisk behandla og sendt inn. Fråsegna vert difor teke til orientering og vil bli kommentert som del av oppfølginga av den felles fråsegna.	
Kvinnherad kommune(Politisk vedtak) Vedlegg	Inga justering eller endring	Kvinnherad kommune støttar planprogrammet og ser det som eit viktig verkemiddel for å nå dei overordna måla i Utviklingsplan for Vestland 2024–2028. Samstundes understrekar kommunen at planen må balansere mellom regionale ambisjonar og lokale perspektiv, og ta omsyn til distriktutfordringar, naturressursar og desentralisert busetnad. Kommunen legg fram fleire konkrete forslag til endringar og presiseringar. Dei ønskjer eit eige delmål for distriktskommunar som Kvinnherad, der tiltak knytt til desentralisert utdanning, næringsutvikling og samferdsle blir løfta fram. Digitale kompetansetilbod og læringsarenaer i distrikta må styrkast, og det bør utviklast partnarskap med fagskule og høgskule for praksisnære studiar innan prosessindustri, grøn energi, havbruk og reiseliv. Vidare peikar kommunen på behovet for å knyte lokale næringslivsbehov tettare til kompetansekartleggingа, med særleg vekt på satsinga Grøn Næringspark. For å rekruttere og behalde fagfolk må planen sjå på bustad- og infrastrukturtilbod, inkludert veg, kommunikasjon, breiband, kultur- og fritidsfasilitetar. Kortare reisetid til Bergen og Stord/Haugesund vil gjere kommunen meir attraktiv både for næringsliv og arbeidstakarar. Kultur og naturressursar bør løftast som ein eigen ressurs i verdiskaping, med støtte til lokal matproduksjon, reiseliv og marint næringsliv. Kommunen viser òg til store kraftutbyggingar i regi av SKL og Statkraft, og forventar kompensasjon i form av betre infrastruktur og skatteinngang. Kvinnherad ber om indikatorar på kommunenivå for å måle lokale effektar av planen, og øyremerka ressursar til utviklingsprosjekt i distriktskommunar slik at intensjonane blir omsette til reelle tiltak. Dei ønskjer innovasjonsarenaer knytt til grøn industri, hydrogen, fornybar energi og reiseliv, og støtte til SMB-bedrifter som satsar på sirkulærøkonomi og opplevingsbasert næring. Kommunen knyter fråsegna til berekraftdimensjonane: økonomisk berekraft gjennom auka verdiskaping og arbeidsplassar, miljø- og klimaberekraft gjennom omstilling og naturomsyn, og sosial berekraft gjennom fleksible kompetansetilbod og gode levekår i distrikta. Dei viser òg til berekraftsmål 17 om samarbeid, og understrekar viktigheita av samordning mellom kommunar, fylke, stat, utdanning og næringsliv. Kvinnherad kommune støttar intensjonen om å styrke verdiskaping og kompetanse i Vestland, men understrekar at utan eit tydeleg distriktsfokus vil ein ikkje nå dei overordna måla. For å sikre berekraftig utvikling, attraktive lokalsamfunn og eit framtidsretta arbeidsliv må planen løfte fram kommunar som Kvinnherad med både særskilde utfordringar og store moglegheiter.	Forslaga frå kommunen vert vurderte som innafor ramma av det som allereie ligg i planprogrammet, og det er difor ikkje behov for konkrete endringar no. Samstundes kan enkelte moment vere relevante å ta inn i sjølve planarbeidet. Det er òg peikt på at vurderinga kan justerast i lys av fleire fråsegna, for å tydelegare få fram ulike føresetnader og differensiering, særleg med tanke på distrikta. Det kan vurderast å flytte delar av dette til kapittel 5 Oppfølging av planen. Ingen forslag til endring i planprogrammet på dette stadiet, men fråsegna vert tekne med vidare i planprosessen.	Relevans for vidare arbeid med planen
Stad kommune (Samarbeid i Nordfjord - Stad, Stryn, Gloppen)	Inga justering eller endring	Kommunane peikar på at den korte høyringsfristen gjer det vanskeleg å sikre god lokal forankring og reell medverknad. Dei understrekar at Nordfjord har ein fleirkjernestruktur utan eitt definert regionsenter, og uttrykkjer uro for at fylkeskommunen legg føringar som ikkje er tilpassa denne realiteten. For sterke regionale føringar kan svekke kommunane sitt handlingsrom som planmynde og samfunnsutviklarar. Kommunane framhevar at verdiskaping skjer i heile fylket, ikkje berre i byane, og at planlegginga må leggje til rette for lokal handlefridom, fleirkjernestruktur og gode koplingar internt og på tvers av fylkesgrenser. Dei viser til Nordfjord sitt mangfald av næringar basert på naturgitte føresetnader, og ber om rammevilkår og infrastruktur som støttar vidare utvikling. Tilgang på kompetanse og vidaregåande opplæring vert trekt fram som avgjerande. Skulane i distrikta er viktige både for samfunnsstruktur og næringsliv, og kommunane er uroa for sterkare regionalisering som kan svekke rekruttering og kompetansebygging. Dei ber om at vidaregåande skular i distrikta blir sikra og utvikla i tett samarbeid med lokalt næringsliv. Vidare blir det peikt på at kunnskapsgrunnlaget må oppdaterast slik at fleirkjernestrukturen kjem tydeleg fram, med rett framstilling av bu- og arbeidsregionar, samferdselsprosjekt og energibehov. Avslutningsvis støttar kommunane intensjonen om ein regional plan, men understrekar at fylkeskommunen si rolle er å samordne og støtte – ikkje overstyre. Planen må ta omsyn til desse fråsegna for å bli eit reiskap for heile Vestland, også for Nordfjord.	Fråsegna frå kommunane er teke til orientering og vurdert som relevant for det vidare planarbeidet. Synspunkta gir ikkje grunnlag for endringar i sjølve planprogrammet, men vert tekne med vidare i prosessen. Kommunane understrekar behovet for å respektere lokalt handlingsrom og følgje opp Fråsegna i det vidare arbeidet. Fylkeskommunen har utvikla meir detaljert statistikkgrunnlag som kan nyttast i planarbeidet, og kommunane kan bestille tilpassa data ved behov. Enkelte merknader gjeld plan for areal og mobilitet og vert føresett handtert der. Fråsegna har ikkje ført til justeringar eller endringar i planprogrammet.	Relevans for vidare arbeid med planen

Sveio kommune (Politisk vedtak)	Vedlegg	Inga justering eller endring	Sveio kommune viser til høyring av planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse (dykkar referanse 2025/12228-12) og innvilga forlenga høyringsfrist (dykkar referanse 2025/12229-36). Høyringsfråsegna vart vedtatt av Sveio formannskap 20. oktober 2025, jf. sak FOR-105/25. Kommunen støttar initiativet til ein felles regional plan for verdiskaping og kompetanse, og ser planen som eit viktig verkemiddel for å nå dei overordna måla i Utviklingsplanen for Vestland 2024–2028. Planen har tydelege ambisjonar om å styrke berekraft, konkurransekraft og kompetanse, men Sveio understrekar at det må finnast ein balanse mellom regionale mål og lokale perspektiv som tek omsyn til distriktutfordringar og desentralisert busetnad. Sveio framhevar behovet for eit overordna og strategisk perspektiv som styrkar samordninga mellom kommunar, fylke, stat, utdanning og næringsliv. Som sørlegaste kommune i fylket peikar dei på viktigheita av å sjå heilskapleg på utdanningstilbod og arbeidsmarknad på tvers av fylkesgrenser. Kommunen meiner planprogrammet er konkret når det gjeld kompetanse og inkludering, men at temaet omstilling og konkurransekraft manglar retning. Dei etterlyser at viktige område som tilgang til næringsareal, energi og transport vert handsama som eigne tema i planen, og ikkje berre i regional plan for areal og mobilitet. Lokale utfordringar Sveio ønskjer å løfte fram: Demografi og rekruttering: Ungdom flyttar ut for utdanning og kjem ikkje alltid tilbake. Det er særleg krevjande å rekruttere og behalde helsepersonell. Kompetansetilbod: Avstand til høgare utdanning svekkjer tilgangen på kompetent arbeidskraft. Desentraliserte utdanningstilbod og livslang læring er viktige tiltak. Infrastruktur: Vegstandard, kollektivtilbod og framtidsretta samferdsleprosjekt er avgjerande for konkurransekraft, men utgjer framleis barrierar. Samla vurdering: Sveio kommune ber om at planen i større grad tek inn lokale utfordringar og moglegheiter, og at fylkeskommunen i samarbeid med kommunane legg til rette for berekraftig utvikling, attraktive lokalsamfunn og eit framtidsretta arbeidsliv.	Sveio kommune støttar planprogrammet og ser det som eit viktig verktøy for å nå måla i Utviklingsplanen for Vestland. Dei etterlyser samstundes ei tydelegare retning på tema som omstilling og konkurransekraft, og meiner at næringsareal, energi og transport bør behandlast som eigne tema i planen, ikkje berre i regional plan for areal og mobilitet. Kommunen peikar på behovet for sterkare samordning mellom forvaltningsnivå og på tvers av fylkesgrenser, og løftar fram desentralisert utdanning og livslang læring som avgjerande for å møte demografiske utfordringar og rekrutteringsbehov. Framtidsretta infrastruktur vert framheva som ein nøkkelfaktor for konkurransekraft, og lokal forankring og samarbeid blir sett som nødvendig for å skape attraktive lokalsamfunn der folk blir verande. Fråsegna er teke til orientering og vurdert som relevant for det vidare planarbeidet, men har ikkje ført til justeringar eller endringar i planprogrammet.	Relevans for vidare arbeid med planen
Fylkesstyret i KS(Politisk vedtak)		Inga justering eller endring	Det blir peikt på at den korte fristen for høyringsFråsegna gjer det vanskeleg for mange kommunar å medverke innan 20. oktober. Kommunane understrekar at planprogramma må vere på eit overordna nivå, og ikkje innehalde for detaljerte ambisjonar som kan skape inntrykk av fylkeskommunen som ein «overkommune». Det er viktig å bevare kommunane si rolle som planmynde. Vidare blir det vist til at Vestland fylkeskommune har fått støtte til å utarbeide eit forenkla planverk som skal erstatte fleire eksisterande regionale planar.	Fråsegna er tatt til orientering. Det blir peikt på at høyringsperioden bør vere lengre enn seks veker, og dette er tatt til etterretning for framtidige prosessar.	Relevans for vidare arbeid med planen